# Jutulen

## 2020

Årgang 24

Årsskrift frå Vågå Historielag



# Jutulen
# 2020

Årgang 24
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim

Tilretteleggjing for trykk: Visus, Lom
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2020. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.



*Kristen Holbø og kunstnarvenner: f.v. Sparre Olsen, Kristen Holbø, Tor Refsum og Hjalmar Haalke, bak Halvdan Holbø. Foto frå Odd Husom, Vågå historielags fotoarkiv*

*Framsida: Monica Chappuis. Sjå meir i artikkel om magasin- og utstillingsbygg i Ullinsvin. Foto: Kjell Løkken*

# Innhald


| | | |
|---|---|---|
| Ådne Haraldseth: Fred | side | 4 |
| Halvdan Ljøsne: Nokre jøssingvitsar | side | 7 |
| Hans Raastad: Minner frå krigsvåren | side | 8 |
| Liv Wiborg: Victor Mogens bodde i Vågå under krigen | side | 14 |
| Vegard Veierød: Et veiprosjekt det aldri ble noe av | side | 20 |
| Knut Raastad: Dippertjernet | side | 24 |
| Johan Storm Munch: Familien Munch i Gudbrandsdalen før 1750 | side | 28 |
| Arve Danielsen: Lokomotiva i Bårstadgruva | side | 38 |
| Knud E. Mo: Skolehistorie fra gamle dage | side | 40 |
| Mette Vårdal: Jordmor fra Vågå til Høland i 1833 | side | 46 |
| Erik Lillebråten: En bondebegravelse | side | 50 |
| Ivar Teigum: Kva var det med Johannes Blessom? | side | 56 |
| Vigdis Kroken: Vågåsommaren og Kristen Holbø | side | 60 |
| Knut Raastad: Magasinutstilling av måleri | side | 62 |
| Knut Raastad: Olufhuset og milorghytta Reiret | side | 65 |
| Eva Kahrs: Avduking av Bull-statuett | side | 66 |
| Bård Hanem: Frå bygdamuseum til regionmuseum | side | 68 |
| Torveig Dahl: Das ding an sich / tingen i seg sjølv | side | 74 |
| Knut Raastad: Klokke og skap av Per Veggum | side | 90 |
| Knut Raastad: Magasin- og utstillingsbygg i Ullinsvin | side | 92 |
| H.K.H. Kronprinsessens tale ved opninga av Galleri Ullinsvin | side | 96 |
| Knut Raastad: Historielaget i 90 år og kulturpris | side | 98 |
| Vågå Historielag: Årsmelding 2019 | side | 102 |

# Fred

*«Kveldsol» var avis for elevlaget «Viljen» ved Ottadalen gymnas & Lom & Skjåk realskule. I avisa for perioda 12. januar 1945 – 29. januar 1946 finn vi eit innlegg til elevmøtet i 1. gym. 18. juni 1945, redaktør for dette var Ådne Haraldseth.*

Gode lagsfolk! Norske gjenter og gutar!

Endeleg er det komi, - det som vi har lengta etter i fem lange og tunge år. Vi kan atter seia desse enkle, men store orda: «det er fred!». Ja, det er fred i Noreg. Vi er som vakna att etter eit fælsleg mareritt. Kor stort er det ikkje dette; - no vi verkeleg har lært å forstå kva det vil seia. Før tok vi freden som ei sjølvfylgje. Vi las rettnok om borgarkrigen i Spania. Vi fylgde med i Etiopiakrigen og vi såg mange tunge år som låg føre oss da krigen i Europa braut ut den 1. september 1939. Men få trudde at vårt eige, vesle land skulle bli dregi med i dette ragnaroket. Så uventa, så meiningslaust og nådelaust kom den 9. april 1940. – Det var krig i landet. På ein gong slo det oss kor mykje ulukke, sorg og liding det ligg gøymt i dette vesle ordet. Men på same tid forstod vi og kva ordet fred tydde -! Og klårare og herlegare stig det fram for oss dag for dag. Ja, det vart grunnlaget for heile vår tru, vår von og vår tillit, - sjølv når det såg mørkast ut.

Når vi las om nye dødsdomar spurde vi oss – «Men freden?» Er det ikkje snart fred? Jau, svara vi sikkert og fast, til jul er det fred. «Nei», meinte ein annan, «men vent , til våren, - eller til hausten!» Men mang ei jul, mang ein vår og haust gjekk, og freden tyktest enno å vera langt borte. Men vona var like klår, og den endelause, uskjønlege tilliten like fast og skinande. – Vi studerte avisene, illegale som lovlege. – Vi sat i alle slag moglege gøymsler og høyrde på London. Vi fylgde med på kartet, - og så sa vi: «Jau, no i vår må det vera slutt».

Og så kom han da – dagen – den 7. mai. Tyskland hadde kapitulert – vilkårslaust. Snart visste dei det i kvar ein avkrok landet over.
– Det skulle stadfestast fyrst den 8., - men det var sjølvsagt berre formalia. Og så byrja flagga, - dei reine norske flagga – å gå til topps på stang etter stang. Det vart for trongt inne -. Vi måtte ut i den milde, smilande vårkvelden. Kva vi kjende? Det er tilfelle da orda blir for tome og fattige. Ei uforklårleg glede - , ei glede som vi ikkje fullt ut kunne skjøna bylgja gjennom barmen. Noreg var fritt!
– Vi var frie menn og kvinner -!

Vi måtte smile og tala! Vi måtte syngja! Og det var som dal og fjell, engjer og åkrar, bekker og elver, ja, sjølve dei gamle, solbrente tømmerhusa smilte og song i mot oss. Det er fred buldrar fossen. Han hadde og med våren fått makt til å bryta lenkjer, bånd og tvang. Det er fred susa og song det stille og drøymande frå skog og fjell. Ja, det var som fredsbodskapen si glede hadde gjennomstrøymt alt og alle, og krigen var med eitt så uendeleg langt borte. – Det var om vi nettop hadde vakna av eit langt og uhyggeleg mareritt. Men det største var at vi hadde fått fridomen attende, og at dei reine, norske flagga blafra smilande i den draumfagre maikvelden, - denne kvelden som for dei fleste av oss vil stå som den største i livet vårt.

Det er no gått seks veker sidan fredsbodskapet kom, og mykje har hendt sidan den tid. Vi har fått nye kommunestyre, nye lensmenn og fylkesmenn. Ein velorganisert norsk hær har og dukka fram midt imellom oss. Kongen og regjeringa har komi attende. Quisling og bøddlane hans sit med bibel og salmebok og ventar på sin rettfortente dom. Mange synest det vert for lenge å venta på dommen. Men vi lever atter i eit rettssamfunn, og lov og rett skal rå sjølv mot dei som har forbroti seg hardast mot desse grunnprinsippa i samfunnet vårt. Vi har ikkje lært av deira tortur.

– Vi kom ikkje med i føraren si sinnsrettning. Vi har lov til å ha våre eigne meiningar, og vi har lov til å halda dei fram i tale og skrift. – Vi har fått den frie pressa attende. Det er difor og ein merkjedag for den vesle lagsavisa vår i dag. For fyrste gong på fem lange, harde år får ho koma ut som ei fri presse i eit fritt land, og bladstyret treng ikkje lenger å vega orda sine på gullvekt. Mange ting kunne vi ikkje ha oppe i elevlaget vårt på grunn av dei politiske tilhøva. No kan vi få frie diskusjonar – få hevda våre meiningar, og «Kveldsol» gler seg på næringsrikare føde i tida som

kjem. Ho har vel til visse tider kjent svelteforing og vitaminmangel ho og. Vi har i desse åra vorti gladare i landet vårt, og vi er meire reide til å ofra og setja inn til bate for det! Og atter kan vi med rett seia med Bjerregård:

«Frihetens tempel, nordmannens dale,
Stander så herlig i ly av hans fjell.
Fritt tør vi tenke, og fritt tør vi tale.
Fritt tør vi vinke til Norges held.»



*17. mai 1945. Foto frå Karin Myrum Sørsdal, Vågå historielags fotoarkiv*

# Nokre jøssingvitsar

*Frå avisa til elevlaget ved Ottadalen gymnas & Lom & Skjåk real-skule finn vi dette innlegget til elevmøte torsdag 4-9-1945, bladstyrar var Halvdan Ljøsne.*

Naziordføraren likte ikkje at jordmorstillinga i bygda måtte nedleggjast fordi det kom så fåe born til verda. Jordmora var nemleg partifelle og måtte ha stilling og løn enten det kom born til verda eller ikkje. Ordføraren heldt eit møte om saka og sa: – Og det vil eg seia, at så langt eg rekk vil eg gå i kvart einaste hus og hjelpe jordmora i levebrød.

Det tyske felttoget i Noreg byrja med Viktoria, men da tyskarane i August tok Markens grøde, vart det snart Sult, og det var ingen Mysterier. Snart har vi Siste kapitel, vi veit at Ringen er sluttet. Og Hamsun sjølv står snart ved Rikets port.

Ein nazist råka ein trønder han kjenner frå gamle dagar og spør: - Kva vil de jøssingar gjera no då? Det er vorti så mange av oss at vi ikkje får plass på Bjørnøya. – Di træng itj væra redd. Vi ska sett dokk i land på fjæra sjø!

Det var på tale å reisa eit minnesmerke over den ukjende tyske soldat i Noreg. Det skulle i så fall ha stått utanfor kvinneklinikken!

# Minner frå krigsvåren

Av Hans Raastad

Fødd hausten 1926 så var eg 13 år da krigen starta i 1940. Her er nokre minner frå Sande i Nordherad den våren.

**9. april** i år er det 80 år sidan tyskarane hærtok Norge**.** Eg var på Midtli på folkeskulen denne dagen, det var vel sjette skuleåret mitt. Da eg kom heim att frå skulen fortalde Harald Dalestuen som var sveiser her:
«Nå er det krig i Norge!»

Er ikkje sikker på datoen: Eg var med far med hest og kjerre og kjørde mjølk til ysteriet om morgonen. Da vi reiste nordover att fekk vi sjå eit lite norsk dobbeldekker fly som flaug nesten nede ved bakken, og som tyske fly jakta på. Nordover ved Vanglandet og Lye kom det tyske fly utover ved Prestberget og vi høyrde det kvein i kuler frå automatvåpen. I garden på Lye stod det norske militære og skaut på fly med rifler.
Vi travkjørde nordover og da vi kom til Sande kom mor og fortalde at flyet hadde landa på isen utanfor berget ved vegkrysset som er nå, og flygaren stod i telefonen og prata med nokre militære i Vågåmo. Far tok fort med seg strisekkar frå låven og dekte over dei blanke delane på flyet. Da flygaren løytnant Berghaug frå Drammen kom etter drog dei flyet innunder berget så tyske fly ikkje skulle oppdaga det. Far, eg og flygaren var i garden her da eit tysk fly kom utover ved Ulvsbu, da kommanderte flygaren oss til å legge oss flate i garden, han syntest flyet slepte noko. Flygaren hadde visst i oppdrag å sjå etter landingsplassar for engelske fly. Det var lagt ut bar som markørar for landing på isen ved Vanglandet, men der kunne han ikkje lande fordi tyske fly følgde etter. Løytnant Berghaug var med oss og åt middag, og om kvelden kom han seg på vengene att utan at noko hende. Han flaug over til Kviten og følgde fjellvegen oppover like over tretoppane. Men tyske fly for her stadig.

Før tyskarane kom hugsar eg norske militære som hadde fysisk trening på nordgard Viste-jordet, men kvar dei heldt til veit eg ikkje. Elles hugs-

ar eg det kom eit norsk lag på ca. 10 mann, lagføraren kom inn og spurde etter kaku og mjølk og dei var inne på traktering. Han ville koma att å betale viss dei vann krigen, men det var nok ingen som tenkte på å ta betaling denne tida. Soldatane sette att geværa ute. Far sanka dei saman og bar dei inn og vart da åtvara om at dei var ladde, «Ja, men eg har handtert børser før» var svaret hans. Også denne dagen var det fly i lufta, soldatane sprang da i skjul i stabburssvalene. Desse mennene gjekk vidare til Ulsanden, og over til Tessanden kunne dei gå noko i skjul. På isen var det kjørt utpå fleire rekkjer skogsvirke for å hindre landing av fly, men det var råd å lande både nord for og sør for desse.

23. april. På denne dagen bomba tyskarane i Vågå. Eg hugsar at fyrste bomba som var retta mot Sundbrua gjekk i vatnet like ved brua og vasspruten stod høgt til vers. Mange bomber gjekk ned i nærheten av brua og Vågåmo, men gjorde nesten ingen skade. Ei bombe gjekk ned i møkkoken til Barbro Gudbrandstuen og eksploderte ikkje. Ei bombe gjekk ned i Ringnesberget og fleire på Tessanden i nokre leirrandar så det såg stygt ut, men det var ikkje nokon skade. Vi låg i eit støypt sauhus mykje av dagen for splintar si skuld. Det rista så blomsterpottene datt ned av glaskarmane. Nokre dreia pynt på ei klokke på kjøkkenet datt av og trilla bortover golvet.

Tante Anne og mannen Albin Müller samen med sonen Helge budde på Stykket i Vågåmo, Müller var pølsemakar på Vågå Handelsforening. Denne dagen som Vågå vart bomba rista huset dei budde i så det kom sagflis frå taket og ned på matstellet til Marit syster mi som var hushaldar hjå dei. Dei reiste da til Sande; til nordgard Valde hadde dei fått seg bilskyss, og frå der gjekk dei. På nordgard Valde-jordet laut dei liggje i grøyfta ei tid medan tyske fly slepte bomber i baksida. Müller var tyskar og hadde vore ute i fyrste verdskrigen, så han visste kva ein skulle gjera. Da dei omsider kom til Sande fann dei ikkje folk, der hadde vi som nemnd gøymd oss i saufjøset. I morgon er det roleg, meinte Müller, han hadde opplevd bombing før. Dagen etter vart det meld i tyskkontrollert radio at Vågå var lagt i grus.

Om det var samtidig med bombinga eller på eit anna tidspunkt veit eg ikkje, men ein dag sleppte eit fly lasta si med fleire bomber på isen utanfor Øygardsneset. Margit syster mi og eg stod nord for stabburet og såg på. Eg meiner det var hol etter åtte bomber som hadde gått gjennom

isen, truleg ligg dei der enda utan å ha eksplodert. Det vart sagt at det var eit tysk bombefly som laut lette lasta si for å koma seg unna ein fransk jagar, vi såg båe flya.

Akkurat dagen er eg ikkje sikker på, men da tyskarane braut igjennom i Kvam og Otta vart det frykt for at dei engelske styrkane ville trekke seg attende gjennom Ottadalen og at det kunne bli kamp.



*Frå Trollbottbua ved øvre Sjaadalen, Albin Müller saman med sviger-foreldra Mari og Ivar Sande og sonen Helge. Albin Müller 1893-1940 var frå Hamburg, gift med Anne Sande 1898-1972. Han kom til Ringebu og arbeidde hjå tyskaren Herskel som dreiv som pølsemakar i Ringebu med fleire tilsette (etter Herskel er det samanhengande verksemd til nåverande Anni Byskov). Etter dette hadde Müller eige pølsemakarbedrift i Drammen, før han i 1939 vart pølsemakar på Vågå handelsforening. Fyrste tida der hadde han med seg til hjelp ein frå Drammen som heitte Rolf, så var Sigurd Jotun med ei tid. Den siste som var med Müller var Hjalmar Moen som også overtok som pølsemakar etter han.*


*Sande til venstre i bildet ca. 1950.*
*Fotoutlån frå sygard Valde, Vågå historielags fotoarkiv.*

Vi fekk beskjed om at vi som budde nede ved vatnet og ved vegen skulle flytte. Såleis flytte vi til Mo og var der i fleire dagar, mor og Ingrid syster mi for opp og ned to gonger for dagen for å stelle dyra. Far gøymde ein del verdisaker, tok med ein del matvarer, og gjorde opp seng på kjerra til svogeren Albin Müller som var dødssjuk. Vi var vel elleve stykker på talet som gav oss i veg (familien på Sande og familien Müller, Harald Dalestuen hadde flytta til Kræmar-Sandbu den 14. april). Ved Stordalen var det store snøfonner, men Stordalskarane hjelpte til å få forbi kjerra. Også folket på nordgard Valde evakuerte til Mo desse dagane.

Om det var før eller etter vi var på Mo veit eg ikkje, men ein dag gjekk eit lag på 8 – 10 engelske soldatar gjennom garden. Dei skulle truleg koma seg unna til vestlandet. Berre to – tre såg vaksne ut, reisten verka svært unge. Eg trur det vart sagt at dei hadde overnatta på låven på Fellese.

Medan vi var på Mo kom eit norsk lag til grenda. Dei hadde vore med i kampane bl.a. på Midtskogen og kom med buss som dei gøymde ved Mån-saga. Så gjekk dei over isen og var fyrste natta i Venjahytta. Etter dette vart dei plasserte rundt på gardane og fekk på seg arbeidsklede for å skjule seg for tyskarane, eg trur det var sju menn. Våpna vart gøymd i klebberberget ovanfor Viste. Lagføraren Preståsen frå Tangen og Hansen frå Hamar kom til Sande og budde i eldhuset. Bl.a. vart dei med å sortere settepoter. Da dei kom var dei svært svoltne. Det vart sett to tallerkenar med vassgraut på bordet som alle skulle forsyne seg av, og dei åt opp kvar sin. Men det var dei vel unnt. Dei var ofte inne hjå beste-

far i søre stugu, han hadde radio og da fekk dei høyre korleis krigen utvikla seg. Var det gode nyheiter jubla dei. Medan dei var her skulle dei besøke kameratar i dei andre gardane og eg fekk vera med. Synst på jordet her møtte vi to tyskarar på motorsykkel som skulle kjøre før ei kolonne mot Lom, men dei hadde kjørt feil. Preståsen og Hansen laut fortelja dei om vegen attende til Moåm og nordover baksida. Det var nok ikkje berre greitt for dei som tidlegare hadde kjempa mot tyskarane på Midtskogen. Etter kapituleringa i Sør-Norge hadde dei på seg uniformene og fekk fritt leide heim. Hansen kom att ein tur om sommaren saman med bror til ein av dei andre soldatane, da var dei med til øvre Sjaadalen på fisking.

Etter nokre dagar på Mo ville Albin Müller nedover att, han skjønte korleis det gjekk med seg. Siste dagane låg han på Sande, han døydde 7. mai. Da gravølet skulle vera hadde tyskarane kome til Vågå, og far hadde varsla om dette. Den tyske kommandanten budde oppover på Vågå handelsforening. Tyskarane hadde besett skulen, og der vart gravølsfølgjet med kista på høyvogna stoppa ved at vakta tok grep med våpenet. Da kom ein soldat springande frå inne og slepte oss forbi. Tyskarane marsjerte i gatene og song medan presten Ivar Sjåstad forretta ved grava. Om det var denne dagen eller ein annan dag er eg ikkje sikker på; da vi for i Vanglandet var det mange tyske soldatar som kleiv i berga ovanfor Vang, det var vel soldatar som hadde fri.

Etter at tyskarane var komne hugsar eg eit lag med tyske soldatar som hadde vore nordmed landom som vi seier. Dei var inne og far prata med dei, det gjekk vel på engelsk. Dei hadde handgranatar med skaft, og far gjorde seg dum og spurte om det var kikkert. Da tok ein av soldatane og demonstrerte korleis han brukte den ved å gjera som han kasta den. Bestemor vart redd og skunda seg ut.

I ein låve som stod nedanfor vegen på Fellese hadde norske styrkar gøymd våpen. Seinare på våren henta tyskarane dette. Da kom ein offiser nordover, han spurte om vi visste om våpen som var gøymd. Han viste fram bilde i pengeboka av dottera som han ikkje hadde sett på lang tid. Det var ein ring i gammelstugu som bl.a. var brukt for å smørja reip. Offiseren spurte kva den var til, og far sa at det var der dei hengde folk, men det skjønte tyskaren var tull.



*Sande.*

Sist i mai eller fyrst i juni var eg med far på setervåronn, vi kjørde med ein hest så vi skulle vel berre kaste på kunstgjødsel. Ved Svelstad (nedanfor der dammen er nå) dreiv Johanne Svelstad og jaga frå kyrne som kom i vegen for tyske kavaleristar. På tur heim att trefte vi fire - fem tyske soldatar litt bort i setervegen ved Lemonsjøosen, kanskje dreiv dei og skaut på blinken. Ein lagførar kommanderte dei andre til å sleppe oss fram.

Albin Müller hadde gallauniform frå fyrste verdskrigen, før han døydde ba han om at den vart brent. Utpå sommaren skulle våpna leverast. Far leverte ei hagle, og fekk ho fyrst att, men måtte seinare levere ho att. Han gøymde både revolver, salongpistol og reinsrifle. Bestefar gøymde ein stor revolver etter Müller, men han var gløymsk så den vart aldri attfunne. Sine eigne våpen, ei hagle og ei reinsrifle, kasta bestefar på vatnet. Dei sokna vi opp att i 1970, ein gong vi fiska.

Til slutt tek vi med 8. mai 1945: Eg hugsar at vi dreiv med våronn oppe på Ekra den dagen, far, Nils Dalestuen og eg. Da var det berre hestekraft, to hestar framfor harv og plog; og møkkabreiing med greip. Eg hugsar isen var reist den dagen. Om kvelden var vi fleire som sykla til Moåm. Der vart eg med til Ripstrand på fredsfest. Det gjekk rykter så vi flagga ei veke for tidleg. Frå 8. mai hadde vi oppe flagget til kvar dag ca. ei veke.

*Redigert av Knut Raastad*

# Victor Mogens bodde i Vågå under krigen

Av Liv Wiborg



Politikeren, forfatteren og journalisten Victor Andreas Emanuel Mogens flyttet i 1942 til Vågå. Sammen med ham flyttet hans kone nummer to, den russisk fødte journalisten og forfatteren Nina Arkina. Året før hadde Mogens kjøpt seteren Sandånebben med husmannsplassen Gjertrudneset av apoteker Lund fra Otta. Det var her på seteren de slo seg ned. Hadde de flyttet til Vågå i dag, hadde nok flere visst hvem dette ekteparet var. Men som vi vil se siden, var det likevel mange i Vågå som visste det.

Før andre verdenskrig spredde ikke nyheter seg så raskt, for den gang var det hverken fjernsyn eller internett. Det var radio som folk hørte på, både for underholdning og nyheter.  Nyheter var det også i avisene og aviser økte i antall da 1800 skiftet til 1900. Nordmenn var nå blitt mer lesekyndig og papir var billig og derved var det ikke en så stor risiko å starte en avis. Dessuten, transportsektoren var i utvikling og det ble lettere å få avisene frem til lesere også utenom Kristiania, som Oslo den gang het. Radiostemmen til Victor Mogens var kjent, for han holdt populære utenrikskåserier i NRK. Radiosendinger hadde han startet i 1927 i den private Kringkastingen og han fortsatte da staten overtok og ble NRK i 1933. Ikke bare aviser økte i omfang og opplag, det gjorde også ukeblader. Aldri har ukeblader hatt så store opplag som på denne tiden og det var særlig de såkalte damebladene eller familiebladene, som ble populære. Noveller og romaner som ble trykket som føljetonger, var en stor del av innholdet i bladene. Så var det kjærlighetsromaner og noveller som Nina Arkina skrev for særlig Allers, men også Norsk Ukeblad. Arkina hadde også skrevet og fått oppført et skuespill og hun

hadde skrevet krimbøker og kjærlighetsromaner. Men at det var Arkina som hadde skrevet dette ville vært vanskelig for folk i Vågå å vite, for hun skrev under ulike pseudonym.

Hvorfor dette ekteparet valgte å bosette seg i Vågå, kan skyldes flere grunner. Mogens kan ha bodd i Gudbrandsdalen i oppveksten, i det minste hadde han en tante som var født på Ringebu i 1867. Dessuten, Mogens hadde en stor og variert omgangskrets som også sto politisk og aldersmessig langt fra hverandre. En av disse var Knut Hamsun som jo var født i Vågå. Hamsun skrev ikke bare romaner, han både skrev for og anmeldte bøker i aviser hvor Mogens jobbet som journalist.

En annen eldre venn var kunstmaleren Edvard Munch som var født på Løten, mens farfaren var fra Vågå og oldefaren og tippoldefaren var sogneprester der. Best kjent ble nok Munch og Mogens av familiære grunner selv om de også møttes i Palmehaven på Grand Hotell i Kristiania. I første ekteskap med Hedvig Ellingsen fikk Mogens fire barn. Hedvigs bror Arne giftet seg med Munchs niese Andrea Munch Ellingsen, men forholdet mellom Munch og Andrea ser ikke til å ha utviklet seg særlig hjertelig. Av korrespondansen mellom Munch og niesen som ligger på Munchmuseet, dreier det seg stort sett om at Andrea ville ha penger av onkelen. I et udatert brev skriver Munch, «du må nu kjære Andrea spare mig for flere foretningsbreve». Likevel sender han stadig mere penger og mulig det at hans bror døde før Andrea ble født, gjør at han gir etter. Men det ser også ut som Mogens appellerer til ham etter at Andrea ble skilt fra hans svoger og det ser ut til å irritere Munch som skriver til Andrea: «Han skreg da høit så hele Palmehaven hørte det – at I hadde det så trangt at I ikke eiet de stole – i sad på. Det var den rene elendighet. Så utbredet en af hans venner sig om min kolossale rigdom. Det var ikke meget fint af Mogens og jeg kan ikke fordra ham». Men av det Munch skriver, fremkommer også Mogens i svært positive vendinger og dessuten at han også var opptatt av sin svigerinne Andreas ve og vel. Munch sender faste beløp hver måned selv om Munchs advokat mente Andrea levde over evne. «Jeg sendte likevel 2000 kroner, det gik til at bygge et fjeldhus». De fleste brevene er påbegynte og udaterte, og de siterte ser ut til å ha vært skrevet mellom 1930 og 1940. «Andrea og Mogens fortsetter med sine hjerteskjærende beskrivelser af elendigheten og får drevet op mine bidrag til 5000 kroner om året, nok til at Andrea kunne bryte opp og bosætte sig i Lillehammer».

Det gjorde hun på gården Hov i april 1938. Så kommer jeg til poenget når Munch skriver til Andrea «Det vilde være interesant at vide: hvor er Victor Mogens 4 børn der læste sammen med dine». Av korrespondansen fremkommer, at de fire barna til Mogens bodde i Gudbrandsdalen. Så forteller også Andrea Munch Ellingsens barnebarn, at faren hans også gikk på skole på Lillehammer. Lillehammer ligger i dag et par timers biltur fra Vågå og den gang gikk det også tog mellom Lillehammer og Vågå. Så det å bosette seg på Vågå ga en mulighet til å ha besøk av barna under krigen. Men vi vet ikke hvor dette «fjellhuset» var og om barna til Mogens bodde der.

Men hvorfor forlot Victor Mogens Oslo-området og som vi vil se senere, hvorfor ble det påstått at han var nazist? Mogens startet som journalist i 1910 og ti år senere bodde han i Bayern i Tyskland. Her var han ikke bare korrespondent, men han forsøkte også å lære seg mer om utenrikspolitikk som den gang var forsømt av norske journalister. Mogens er omtalt som tyskervennlig, men det var et stort flertall av Nordmenn. I mellomkrigstiden trodde de ikke at noen fare truet dem fra sør, den faren trodde de ville komme fra øst. Mogens spilte en viktig rolle i mellomkrigstidens norske politikk med mange skiftende regjeringer. Arbeiderpartiets politikk lå sterkt til venstre, det var et revolusjonært parti og medlem i tredje kommunistiske internasjonale. Det ble viktig å samle de borgerlige partier og sammen med blant annet Frithjof Nansen var Mogens i Fedrelandslaget. Laget var ikke fascistisk, men fikk et brunstripet rykte, fordi noen medlemmer meldte seg inn i NS og Quisling var en kort periode nestformann. Men Mogens var ikke og ble ikke nazist. Ved okkupasjonen møtte han på Østbanen i Oslo for å stille til mobilisering og han lånte ut sin hytte på Krokskogen utenfor Oslo til hjemmefronten.

Etter den 9.april 1940, var Høyesterett den eneste statsmakt tilbake i Norge. Etter Riksrådsforhandlingene ble Mogens oppnevnt som medlem i Administrasjonsrådet av Høyesterett og av Stortingets presidentskap den 15. april. Administrasjonsrådet skulle i regjeringens og kongehusets fravær, styre Norge under den tyske okkupasjonen. Mogens var med i forhandlingene med tyskerne, først sammen med Arbeiderpartiets Einar Gerhardsen og Trygve Bratteli. Et felles ønske var at Quisling ikke kom til makten. Frem til september 1940 var Mogens Norges første kulturminister. Da vendte Vidkun Quisling tilbake

fra Berlin og ble leder for de nye statsrådene til Hitlers mann i Norge, Joseph Terboven. Terboven oppløste nemlig den 25. september Administrasjonsrådet og forbød alle politiske partier med unntak av det minste partiet – Quislings Nasjonal Samling (NS). Det medførte at de første medlemmene i Administrasjonsrådet, ble byttet ut med nazister, slik også Victor Mogens. Quisling og Mogens kjente hverandre, men det var intet hjertelig forhold. Mogens brukte det meste av sin tid etter okkupasjonen, til å forhindre at Quisling fikk makt. Det likte Quisling dårlig og da Quisling fikk makt, innkalte han Mogens til møter og da Mogens ikke møtte, utstedte Quisling arrestordre på Victor Mogens. Mogens gikk av den og andre grunner i dekning og i 1941 kjøpte han seteren i Vågå. Her bodde han så lenge krigen varte og som han selv skriver i boken «Tyskerne, Quisling og vi andre», brukte tiden til illegalt arbeid som i boken.

Men ryktene gikk, men innholdet i ryktene stemte nok ikke og det viser de opptegningene som er oversendt fra historielaget. Mogens hadde ikke bare vært medlem i Fedrelandslaget, som det står i opptegningen, han hadde vært leder. Men at han hadde vært invitert til Hitlers fødselsdag er ikke funnet andre steder, men som journalist dekket han femtiårsdagen til Hitler i april 1939. Han var den eneste da de seks nordmenn tilstede som ikke var eller ble nazist. Men at mistanken var der er forståelig når han hadde radio som alle unntatt tyskere og nazister, ikke hadde lov til å ha. Da tyskerne hadde sin største forlegning etter Oslo på Lillehammer, tilsier det en noe naivitet over å trosse forbudet for å ha radio og i tillegg så åpenlyst at «alle» visste det. Men det var en del andre som beholdt radioene og som det vises siden, hadde Mogens radio i mai 1945. Men som han selv forteller i 1945 ble radioen flyttet inn i storstuen i mai 1945.

Likevel radioen gjorde sitt til at folk i Vågå tenkte han var nazist og derved ikke ønsket å være sammen med han og konen. En hytteeier ved Flatningen fortalte at Mogens og konen kom roende over på besøk. Stemningen var trykket og kort etter sa ekteparet takk for seg og adjø. Verre for ekteparet Mogens ble det den vinternatten noen fra bygda kom opp til seteren. Gjengen skulle vise at de kunne hevne seg på nazister og på dem som ikke ytte tyskerne motstand. Før gjengen stakk, hadde de knust alle vinduene i husene og det ble veldig kaldt for dem som bodde der. Familien holdt nesten på å fryse i hjel før de fikk reparert skadene.

Det kan virke som Mogens og familien bokstavelig talt ble forsøkt frosset ut fra Vågå. Etter krigen sendte han boken «Tyskerne, Quisling og vi andre» til hytteeieren ved Flatningen med følgende dedikasjon: «I håp om at De når de leser den, innser at De har tatt feil av meg».

Mogens kjente til mange av de ryktene som gikk om ham, men 25. mai 1945 skriver han brev fra Vågå om fredsdagene og det til enken til en av hans beste venner i Oslo. Han skulle gjerne vært i Oslo den 17. mai og gjerne sett kronprinsens inntog, forteller han henne. «Men jeg har fått det hele minst like godt som de tusener som stod sammenpakket og ikke så stort annet enn hverandre. Radio» skriver han videre, «hadde utmerkete overføringer så jeg kunne følge det hele og høre alt som ble sagt. Jeg hadde vanskelig med å holde tårene tilbake av bare rørelse og begeistring. Den 17. samlet vi naboer av den eldre generasjon i vid omkrets. Ungdommen var naturligvis i Lalm og gikk i tog og skrek hurra og festet. Selv flyttet jeg radioen over i peisestuen i storhuset og der satt vi og hørte, mens vi hadde alle slags gode saker – svære bløtkaker med hauger av krem, likør og ekte kaffe». Da freden kom hentet folk frem sine reserver og fløte kan nok noen ha holdt unna fra tyskerne gjennom hele krigen. Lagrene av mel og kaffe ble delt ut som fest rasjon ved frigjøringen, 200 gram kaffe til hver voksen. Ekte kaffe hadde nordmenn ikke hatt på flere år, så mat og drikke skapte også en riktig feststemning.

Men datert fra Trudvang, Lalm den 25.mai skriver han også «Ja, jeg skal si at nå er meget kommet for dagen av uhumskheter fra denne tid. Men,» skriver han videre, «jeg tror det blir begått mye urettferdighet i denne tid – folk som får satt naziststempelet på seg uten noensinne å ha vært det. Men det er vel ikke å unngå under en slik storrengjøring». Så rammet også nazistempelet Victor Mogens igjen, telefonen hans ble stengt og han fikk ikke tilgang til egne bankkonti. Etterforskingen viser likevel at han ikke er registrert i noe NS kartotek og det ble bekreftet at han deltok i illegalt arbeid.

12.5.45 ble han siktet for landssvik og pålagt meldeplikt. Grunnlaget var en tale han holdt i radioen i juni 1940. Talen kom etter at de allierte trakk seg ut av Narvik og Norge kapitulerte. Etter å ha fått talen godkjent av lederen av det Administrasjonsrådet som ble oppnevnt av Høyesterett i april, sa han blant annet: «at det var det største vanvidd i vår historie å opprettholde krigstilstanden med Tyskland, ofre norske verdier og


*Skriverstua på Allerstølen. Foto: Knut Raastad*

I 1952 solgte Mogens seteren til Sven Aller, mannen som eide Allers konsernet. Stedet ble først brukt til feriested for familien Aller, men bygningene brant ned i 1955. Bare «skrivestuen» der Mogens og Arkina hadde arbeidet, unngikk flammene. Men Aller stuene ble bygget opp igjen og fungerer i dag som firma hytte og konferanse sted for Aller gruppen.

Victor Mogens og Nina Arkina kjøpte Villa Cusculum i Cala Ratjada på Mallorca etter salget av seteren, og flyttet dit. På Mallorca bodde de med hyppige besøk fra Norge, ikke bare av hans barn og barnebarn, men også blant andre av Hjalmar Riiser-Larsen som startet treningsskolen for norske flyver – Little Norway i 1940. Likeledes bodde lyrikeren Herman Wildenvey og konen Gisken hos dem over lengre perioder. På Mallorca fortsatte de å skrive til de døde, han i 1964 og hun i 1980. Etter at Arkina døde, ble huset på Mallorca solgt og eksisterer ikke i dag.

*Litteratur:*

*E-post fra Vågå historielag inkl. informasjon fra Vegard Veierød*
*Aftenposten 7.5. 1975*
*Private brev fra Victor Mogens i 1945*
*Victor Mogens: Hitler, Quisling og vi andre – Utenriksforlaget 1945*
*Udaterte brev fra Edvard Munch – Munchmuseet*
*Landssvikdom Victor Mogens 26.juni 1949*
*Irene Engelstad, Norsk Kvinnelitteratur Bind II, Pax forlag 1989*
*Undersøkelseskommisjonen 1945*

# Et veiprosjekt det aldri ble noe av

Av Vegard Veierød

På slutten av 1800-tallet bosatte Ivar Kleiven seg på Kleivsetra i Bøneslia sammen med moren Brit og broren Paul. Der skulle de bygge opp og drifte et seterpensjonat, som et alternativ til å drive gården Søre Kleiven nede på Lalm. De var avhengig av fremkommelighet til stedet, både for seg selv og turister som skulle bo på pensjonatet.




Veien mellom Otta og Garmo ble bygd mellom 1860 og 1865. Dette skapte økt interesse for veibygging i nærliggende områder. Ivar gikk sammen med andre setereiere og fikk bygd en vei, fra Brekkeveien mellom Lalm og Bjølstadmo og inn til Melsetra i 1883. I 1886 fikk han opparbeidet vei videre derifra via Sø-setrene (setrene lengst sør i Bøneslia) og inn til Kleivsetra. Noen år senere ble veien videre inn til Bønessetrene utbedret slik at det gikk an å kjøre den med hest og kjerre. Da var det veier på plass til setrene i Bøneslia, men ferdselen over fjellet til Murudalen, Heidal og Lemonsjøen var bare noen gamle kutråkk. Kartet fra 1832[1] viser ferdaveiene som fantes i området før de nevnte veiene kom på plass. Setrene er markert med trekanter.

Ivar Kleiven forstod at hvis han skulle få "fjell turister" til å legge veien innom pensjonatet i Bøneslia måtte det også lages en vei fra Kleivsetra i retning Jotunheimen. Det var på denne tiden en sterk økning av folk som ønsket å oppdage landet og annerledesheten ved ikke å være i byen.

Utferdstrangen var stor, og særlig var det de høye fjellpartier de ønsket å utforske.

Saga som var etablert i Randsverk i 1901 var også med på å skape økt ferdsel innover Sjodalen. Folk som skulle fra Lalm og inn dit for å hente materialer, hadde en skikkelig omvei via Bjølstadmo. I området rundt Lalm var det 77 selveierbruk med til sammen 460 mennesker på denne tida. Det var disse som utgjorde de mest interesserte i dette nye veiprosjektet. De hadde behov for bedre vei inn til setrene sine og bedre fraktforhold fra sagbruket på Randsverk. En ny vei fra Bøneslia til andre siden av Gråhø, ville spare dem for mye tid og krefter. Vi kan forstå hvilken utfordring det også må ha vært for broren Paul, som skulle bygge opp flere seterhus i tillegg til en toetasjes pensjonatbygning på Kleivsetra og måtte hente alle materialer fra saga på Randsverk. Eierne av Kleivsetra hadde ikke utvisningsrett i almenningen og måtte derfor kjøpe alt av materialer og laftetømmer. Bekkesagene Flokkasaga ved Saghaugen og Melasaga ved Melsetra var på det tidspunktet gamle og nedlagte. Samtidig var det nok også de familiære behov, med blant annet Pauls møbelproduksjon[2], som påvirket til å fremme dette veiprosjektet i kommunen.

For å få utredet og bygget den nye veien fikk Ivar dannet en veikomite. Han ble selv valgt til formann.  Hans forslag var å få til en offentlig bygdevei mellom Bøneslia og over fjellet Gråhø til gården Steine i Heidal. Under utredningen kom det opp to andre alternativ som også ble vurdert. Det ene var et nordre alternativ via Flatningslia og Tuvstulen til Darthus ved Lemonsjøen, som utgjorde ca 6 km lengde. Det andre gikk via Laingstulen, dvs seterområdet i Bøneslia som i dag kalles Øversetrene, via Gråhø og Slombsetrene til Kalven seter, med en lengde på ca 8 km. Det sistnevnte alternativet var svært ugunstig for vintertrafikk pga de værharde strøk veien ville gå igjennom. Ivars forslag til trasevalg ble det alternativet som samlet flest interesserte og det ble derfor valgt. Herredstyret så ikke behovet for en bygdevei på dette strekket, men gav likevel i 1911 fullmakt til å starte utstikking av en setervei, som hadde noe lavere standard.

Det tok tid å finne frem til den beste plasseringen og beregne hvor mye prosjektet kom til å koste.  Veikomiteen hadde utarbeidet kartskissen[3] nedenfor i 1910, der den heltrukne linjen mellom A og B markerer den prosjekterte seterveien. Utgangspunktet merket A er der veien skulle starte ved Søsetrene i Bøneslia. Den skulle gå via Skogseterdokken,

forbi Lusætertjernet og ende opp i punktet B ved Steine. Denne strekningen var 5765 meter lang, mens den siste strekningen, fra Steine til punkt C ved hovedveien, var 442 meter og skulle bygges på et senere tidspunkt. Tilsammen utgjorde de ca 6,2 km. Plasseringen av punkt C var avhengig av ferdigstillelsen av den nye hovedveien som var under opparbeidelse fra Bjølstadmo til Steine. Kartskissen viser den gamle offentlige bygdedveien mellom Bjølstadmo og Steine og den prosjekterte traseen for en ny hovedvei, der sistnevnte er vist med en stiplet linje. Veien fremstår i dag omtrent slik den prosjekterte nyveien ble bygget for 100 år siden.




Totalt skulle seterveiprosjektet koste 7080,- kroner. Dette tilsvarer i dag omtrent 410.000,- kroner, justert for prisstigningen som har vært siden da. Vi forstår at veistandarden på en setervei er langt unna det vi krever av nye veier i dag.

Veien skulle lages med en kjørebredde på 3,25 meter, men enkelte partier ville ha bredder ned mot 2,5 meter. Den skulle ha en maksimalstigning på 1/15 og lages uten rekkverk, da det var få høye fyllinger. Terrenget var gjennomgående lite kostbart å lage vei i. Den prosjekterte seterveien ble først stukket ut i 1913, da amtsingeniøren hadde vært opptatt med andre offentlige veiprosjekter.

Forutsetningene som var lagt til grunn mht bruk av veien var at det skulle være flere brukere enn bare Lalms innbyggere. Man forventet at også de som var bosatt i Skogbygda i Heidal ville være interessert i bruk av veistrekningen, samt at den forventede jernbanen som skulle bygges fra Otta og forbi Lalm, ville gi en økende og årviss turisttrafikk innover mot Jotunheimen.

Linjebeskrivelse av traseen og tilhørende kostnadsoverslag[4] ble oversendt amtsingeniøren i Kristians amt i 1914, men igangsettingen av arbeidet trakk ut. Den nevnte veistrekningen ble aldri bygd. Selv om det ikke har vært mulig å oppdrive et avsluttende vedtak i Herredstyret om hvorfor veiprosjektet aldri ble noe av, må det være særlig tre forhold som endret forutsetningene og reduserte behovet for den. Det ene var at den nye offentlige hovedveien som ble anlagt mellom Bjølstadmo og Steine gjorde det mye lettere å kjøre med lass begge veier. Det andre var nok det at den påtenkte jernbanen forbi Lalm aldri ble noe av. Det var nok vanskelig å innfri seterveiprosjektets behov for midler når disse forutsetningene endret seg og mengden trafikk ville bli sterkt redusert i forhold til det forventede.



*Ivar Kleiven.*
*Fotoutlån: Nordalsarkivet*

Det tredje forholdet var trolig at den nye Flokkasaga, mellom Flatningen og Melingen, ble bygget på samme tid og ble ferdigstilt i 1911. Ivar hadde gått inn som kasserer i styret til saga og tilgangen på materialer ble deretter bedret for Pauls produksjon av møbler og setereiernes behov for materialer. Pensjonatdriften på Kleivsetra var på dette tidspunktet også i ferd med å avta. Ivar hadde fått statsstøtte til sitt forfatterskap og fikk derfor mye annet å bruke tiden på. Interessen for å drive "hotellvirksomhet" ble svekket når Ivar var mindre tilstede. Moren Brit hadde blitt svaksynt og dårligere til bens og var ikke lenger i stand til å hjelpe til like mye som før. Broren Paul var mest opptatt av sin møbelproduksjon som han tjente mer på enn å drive med pensjonatet.

1 *Statens Kartverk – kart over deler av Stordalen og Langmarkens Stats-almenning. Kartblad 37A1 fra 1832*
2 *Artikkel av Vegard Veierød om Paul Kleiven i Jutulen 2017*
3 *Kartskisse i Ivar Kleiven arkivet, Nordalsarkivet*
4 *Dokument i Ivar Kleiven arkivet, Nordalsarkivet*

# Dippertjernet

Av Knut Raastad



Dippertjernet var magasin for vatnarvatn til heile grenda mellom Sandnes / Aabakken i vest og Viste / Visdal i aust. På demminga var det eit lafta damhus der damluka kunne opnast og stengjast.

Frå Dippertjernet går storveita til Åa / Senda og vidare heilt til Svarthammar-bekken. Ei tinglyst avtale frå 1899 regulerer bruken av «Dippertjernvandtaget». Dei som hadde rett til vatn var Mo, nordgard og uppigard Viste, sygard og nordgard Valde, Sande og sygard Sandnes som vart rekna som heil-gardar, uppigard og nigard Visdal og nordgard Sandnes som var halv-gardar samt nigard og uppigard Berge, Aabakken og Ulsbu som var fjordedels-gardar. Retten til vatn var i samsvar med den klasseinndelinga som var tildelt.

Innanfor Storhaugen går storveita over ei eldre veit frå Reinskyrkja som går ned i nørdre Åa ved Holfonna. Mo, Visdal og Viste hadde ingen rett til nørdre Åa/Senda, og for at desse gardane ikkje skulle forstyrre vatnet der måtte desse gardane skaffe seg «stortrø» eller «sagbordsende» over Åa for å få tak i vatnet sitt utan å antaste rettane til dei andre.



*Ola Rustom har vore nemnd som damvaktar.*

For å hindre at nokon av interessentane skulle misbruke retten til vatn, skulle det leigast ein mann til å ha tilsyn. Fyrste gongs forseelse kunne føre til ei mulkt på to kroner, men i gjentakingstilfelle inntil tolv kroner. Kostnadene skulle fordelast etter kor stor rett kvar enkelt hadde. Mulkt kunne inndrivast av lensmannen. Tilsynsmannen skulle sørgje for opning og stengjing av damluka. Han skulle også ha tilsyn med veita og kalle ut arbeidshjelp til istandsetjing og vedlikehald når det var påkrevd.

Eit styre på to eller tre medlemmar skulle fungere i tre år. Ivar Visdal (nordgard Valde), Tor Blakar (sygard Sandnes) og Jo J Strand (nordgard Sandnes) er dei som har skrivi under avtala 27.2.1899, dei andre har godkjend avtala 5.3.1899.

Ola Grøsland (*Sagt og skrivi, Mållaget Ivar Kleiven 1997*) skriv at dei større anlegga i Nordherad truleg er frå perioda 1830-1850 og nemner

Vass-Per frå Skjåk. Men dette gjeld kanskje dei andre anlegga, for vi skal sjå at ei anna kjelde meiner at Dippertjern-anlegget er bygd mykje seinare. Jo Rustom er nemnd som ein som var med og stikka Storveita, han levde 1809-1882. Men det kan vera at overlevert minne om Jo Rustom er feil, og at det heller var sonen Ola Rustom.

Ivar Vetleseter 1901-1994 skriv (*Så vart det sagt, Øystein Hovdkinn 2009*) at det var bestefar hans Ivar Lillesæter 1848-1924 og Ola Rustom 1838-1922 som mura demminga på Dippertjernet, gardbrukarane var med og kjørde stein og fyllmasse. Etter at muren var ferdig grov dei veita som vart heitande Storveita. For å finne ut om det var råd å få vatnet åt innanfor Storhaugen laga Ivar Lillesæter seg eit nivileringsapparat av to lampeglas som han festa på ei fjøl. Han slo vatn i glasa, og med dette apparatet fann han ut at det var eit fall på 3 meter. Storveita øyrde ut på grunn av manglande tilsyn, og anlegget gjekk dermed ut av bruk. Dette må ha vore mellom 1910 og 1920.



*Bjarne Groven ved damhuset.*

**Dippertjernbua**



Det var Nordherads-prosjektet som sette opp bua ved Dipper-tjernet. Det var fyrst meininga å restaurere den gamle steinbua, og Jonny Brenden vart leigd til å tømre røste og laga torvhald og raft-stikker. Dette skjedde i mars 2002, og Erling Mork vart leigd til å frakte innover dette saman med taktro på snøscooter, han kjørde frå Liasetrene i Lom i april.

Å få ei god og tett bu av den gamle steinbua ville bli vanskeleg, og etter kvart vart planane endra. Fyrst på hausten 2002 laga Jonny Brenden rameverk også for reisten av bua. Røste som var planlagt for den gamle bua avgjorde storleiken på den nye bua.

Frå september 2002 overtok dugnadsfolket. Sundag 29.september, tysdag 1. oktober og ein dag veka etter vart materialer innoverkjørd med to hestar frå søre Nistingen. Laurdag 5. oktober vart råbygget med rame og røste reist. Helga etter gjekk vi innover både laurdag og sundag, og fekk på taktro, papp, torvhaldarar, vindskier og utvendige lister. På taket vart det mellombels lagt på plast med stein oppå, og bua vart beisa. Hausten 2003 vart det lagt stubbeloft i golvet og innvegg og isolasjon kom på plass. Sjølve golvet vart lagt 17. mai 2004, medan golvlisting, innsetjing av vindaugo og montering av benkar og bord vart gjordt 26. september. Omn kom på plass seinare, og 17. september 2006 vart det lagt platon og torv på taket. Torv vart teke innanfor tjernet og kjørd med hest og kjerre.

Dugnadsgjengen som hadde langt å gå på arbeid var Kjell Brenden, Einar Hårstad, Knut Raastad, Jo Øien, Kristen Aanstad, Jonny Brenden, Jo Kåre Bakke og Knut Bø. Andre som deltok på enkelte dugnader var Hans Bø, Kjell Joar Bakke, Leif Olsen og Erik Turtum.
Vågå fjellstyre ytte tilskot som dekte dei direkte kostnadene.

# Familien Munch i Gudbrandsdalen før år 1750

Av Johan Storm Munch



Familienavnet MUNCH har vært brukt av mange slekter tilbake i tidene. Du kan finne slekter med erkebiskoper i Trondheim i middelalderen, eller du har en rekke adelsslekter i Danmark fra 1300- tallet og frem til i dag. I Gudbrandsdalen var det en slekt Munch (Munk) fra 1300 tallet og utover som er definert som en lavadelsfamilie. De var storbønder og embetsmenn rundt i hele Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdal og Telemark. I mange slektsledd satt medlemmer av familien Munch som eiere av gården Blakar i Lom. Derfor er denne slekta definert som "Blakar Munchene", til forskjell fra den familien Munch som var prester i Vågå fra 1750-årene, hvor maleren Edvard Munch er en av slekta. I denne artikkelen skal jeg trekke fram noen av Blakar-Munchene som levde og virket i Gudbrandsdalen fra 1400-tallet fram til 1750 og koble den slekta sammen med Munchene av i dag, hvis det er mulig. Jo, det er en forbindelse som jeg redegjør for i de siste kapitlene.

Blakar-Munchene var en familie som kalte seg Munch (Munk) før 1550 og førte våpenskjold. Familievåpenet var et skjold med en høyrearm med lukket hånd. Etter 1550 tok mange i familien navnet etter gården de eide og brukte ikke familienavnet Munk, men slekta brukte døpenavnet Henning i mange ledd.

*Blakarstolen, nå på Historisk Museum, Oslo. Fra 1200-tallet, muligens eldre. Innsendt fra Blakar i 1850.*

*Rekonstruert familievåpen til Blakar-Munchene. En arm med lukket hånd i blått.*



Den første personen i slekten Munk som direktøren for Oslo Bymuseum, Stian Herlofsen Finne-Grønn trekker fram er **Henning Guttormssen Munk**. Han blir nevnt den 13.1.1469 som kongens ombudsmann i Nordre Gudbrandsdalen. Han fører våpenskjoldet. Første gang vi ser dette våpenet i signetring med navn er den 5. 2. 1461 da han underskriver et arveoppgjør. Som lagrettemann i Gudbrandsdalen opptrer han i 1463 og 1474 og kalles Henning Guttormssøn av våpen. Den 19.2.1475 selger han gården Rottem i Vågå til Sigurd Dagfinnssøn. Henning Guttormssøn eide storgården Blaker i Lom, som var vurdert til 8 huder, og der bodde han. Men han eide også Hovin i Fåberg og flere gårder i Gudbrandsdalen. Det er ingen kilder som dokumenterer at Henning Guttormssøn brukte navnet Munch i sine underskrifter, mens hans sønn og sønnesønn brukte navnet konsekvent. Det som er spesielt med denne Henning er at døpenavnet Henning går igjen både bakover og forover i slekta. Det fungerer som et hjelpemiddel til å identifisere slekt mellom personer. Vi vet heller ikke hvor denne Henning kommer fra, men farfaren har vært Gisbrigt Guttormssøn på Andvord, Lom, som nevnes som lagrettemann i 1440-årene.

Sønnen til Henning var Lasse Henrikssøn Munk som eide og bodde på Blakar i 1480. Han øket sin slekts jordegods. Således kjøpte han Elgjarnættens hovedsete, gården Valbjørg i Vågå av Erland Trondssøn. Lasse var gift med ”hustru” Birgitte som opplagt var av Elgjarn-ætten. Dermed holdt Birgitte og Lasse gården Valbjørg i slekta. Men gården ble tatt på odel fra hans sønn tilbake til Jon og Erik Trondssøn av Elgjarn-ætten. Det er en herredags-dom den 23.juni 1558 som gir Jon og Erik Trondssøn rett til å innløse og overta Valbjørg slik at den blir i ætta. Lasse og Birgitte satt på Blakar og kjøpte opp gården, slik at de eide alle parter av den. I 1519 kjøper Birgitte, som da var enke og kalles ”hustru”, som var en adelstittel, gården Bustad i Skjåk av Henning Stenssøn. Begrunnelsen for salget er interessant. Henning solgte til Birgitte for at ikke gården skulle gå ut av slekten. Henning Stenssøn var en søstersønn til Birgitte. Det var viktig at eiendommene ble i slekta.



*Blakar 1867. Utlånt av Oddbjørg Blakar*



Neste eier på Blaker var **Henning Lassesøn Munk,** og han skrev alltid navnet Munk. I februar 1530 byttet han sin gård Annestad i Skjåk med Øystein Bratts gård, Svadegård på Dovre. Henning eide flere gårder i Lom og ellers i Gudbrandsdal og et par i Romsdalen. Han levde på Blakar som en rik mann til rundt 1560.

Sønnen **Lauritz Henningssøn Blaker (Munk)** eide og bodde på Blakar til sin død i 1565. Han var gift med Gunhild, som hadde med seg gårder inn i ekteskapet. Det var Frisvold i Romsdalen og Fossum på Tretten. Lauritz var dermed en stor gårdeier som faren. De hadde tre barn, Eline, Oluf og Michel.

**Eline Lauritzdatter Munk** gjorde i 1590 et forlik med sin bror Michel som hadde overtatt eiendommen Blakar. Forliket gikk ut på at hun fikk 1 hud i Skjæsar i Lom og 2,5 hud i Fossum på Tretten.

Den andre broren **Oluf Lauritzsøn Blaker** døde noen år før 1574, men etterlot seg en datter Marit, som arvet han. **Marit Olufsøn** fikk ved et åpent brev i 1574 byttet farens arvepart på 4 huder på Blaker med 2 huder på Bjørstad, Vågå,1 hud på Skårset, Fåberg, 1 hud i Hovin, Fåberg og 9 skinn i Romsås i Ringebu. Marit med moren, Synnøve Simonsdatter flyttet da til Hovin i Fåberg. Ved et nytt makeskifte ble Marit Olufsdatter eneeier av Hovin. Hun giftet seg med Engebret Hovin, og de fikk flere barn. Eldst var Oluf Engebretsen, deretter Ellef Engebretsen som fikk Skårset, Fåberg, Peder Engebretsen og tilslutt Sivert Engebretsen Munk.

Yngste sønn til Marit, **Hr Sivert Engebretsen Munk** tok opp igjen mors gamle familienavn, **Munk**. Han var født på Hovin, Fåberg i 1610. Han ble student fra Slagelse skole i 1634, studerte teologi og avla eden som kapellan på Lesja i 1641 og ble sokneprest på Lesja den 5.april 1642. Han var sokneprest på Lesja til 1669 og døde der i 1694. Sivert var gift med Anna Jørgensdatter Marstrand som var datter av soknepresten til Grytten i Romsdalen. Anna og Sivert fikk 7 barn som alle førte familienavnet Munk eller Munch. De 4 sønnene ble alle prester: Hr. Jørgen til Hitterdal, et gammelt navn på Heddal ved Notodden, hr Henning til Vågå, hr Frederik kapellan til Lesja, senere fogd på Nordmøre, hr Andreas til Vågå. **Hr Jørgen Sigvardssen Munk** ble prest i den største stavkirken i Norge i Heddal ved Notodden.

**Henning Sigvardssen Munk (Munch)** ble prest i Vågå og satte spor etter seg i bygda. Han var født i Lesja ca 1646 og døde i Vågå årsskiftet 1695/96. Han ble kapellan med suksesjon hos Eggert Stockfledt i Vågå i 1673. Det betydde at han skulle overta embetet etter Stockfeldt.
Det gjorde Henning Munch i 1681. Han giftet seg også med enken Anna Glostrup (født 1646, gift med Henning Munch i 1682, døde i 1731).
Det er en folketradisjon at Henning Munch har dekorert koret, nordveggen og en del av østveggen i Vågå kirke. Kunsthistoriker Øivind Storm Bjerke har ikke funnet dokumentasjon på at Henning Munch er kunstneren i Vågå kirke, men det er utvilsomt ut fra stil og utforming at det er Henning Munch som er kunstneren. Henning Munch brukte gamle kobberstikk som forbilde for scenene på veggen i kirken. Det er særlig Matthaus Merians illustrerte bibel fra 1627 som sannsynligvis kan være forbilde. Matthaus Merian var en kunstner og forlegger fra Basel som i 1627 ga ut en illustrert bibel med 159 bilder fra historiene i det gamle og nye testamentet. Henning bruker en spesiell stil med sorte konturer for å markere figurene. Han har også malt altertavlene i Vågå, Heidal og Sel kirker. Det eneste kunstverket som dokumentert er utført av Henning Munch er et kobberstikk som fins på Maihaugen. Det forestiller Christian 5. Reise i Norge i 1685. Kongen er framstilt ridende gjennom Gudbrandsdalen i et landskap som er helt skjematisk. Under bildet er det to hyldningsdikt til kongen, ett på dansk og ett på latin.

Bildene til Henning Munch i Vågå kirke danner særpreget i kirken og har blitt beundret i alle år. Maleren Edvard Munch så også disse dekorasjonene med glede. Han skriver slik om dem:
"Henning Munch, visstnok av slekten har dekorert vakkert Våge kirke".
I en annen kommentar er Edvard Munch malerfaglig imponert over dekoren på veggene og er særlig opptatt av at Henning Munch har vært dyktig som med to nyanser i grått har fått så klart fram detaljene i bildene sine. Edvard Munch nevner at Henning Munch visstnok er av slekten. Det var en oppfatning som hans far hadde, men det var ikke dokumentert den gang. Derfor har Edvard vært så vag i å fastslå at de var i samme familie. Han har brukt ordet "visstnok" og lagt i det at det kunne være et slektskap. Jeg vil gå nærmere inn på disse forholdene i det siste kapittelet i denne artikkelen.

*Kobberstikket som dokumentert er laget av Henning Munch, arkivert på Maihaugen.*



Henning Munch får også æren for at elfenbenkunstneren Magnus Berg ble sendt til København for utdanning. Det er han som har laget statuene med nordmenn i folkedrakter i Kongens park i København. Han er også den første norske maler og skulptør som fikk et internasjonalt ry.

Magnus Berg laget fantastiske småfigurer i elfenben og solgte dem til de kongelige i Europa. Magnus Berg var fra Follebu, og som 16 åring var han gårdsgutt for Henning Munch på Ullinvin, Vågå. Han reiste derfra til København.

I enda større grad enn Henning Munch var hans sønn Eggert Munch den store barokk-maler i Norge. Eggert Munch var født i Vågå i 1685 og døde i Fredrikshald (Halden) i 1764. Eggert malte kirkedekorasjoner, altertavler og portretter. Han var meget produktiv. Men, som med faren, er det få verker som er signert, derfor er det flere altertavler som man antar er laget av Eggert Munch. Eggert Munch var eneste sønn av Henning Munch, født i Vågå i 1685. Moren var Anna Glostrup.
Hun hadde to døtre i sitt første ekteskap. Faren døde da Eggert var 10 år gammel, og sønnen arvet alle maler-saker etter Henning og Eggert ble da sendt til sin onkel som var prest i Dollerup ved Viborg, Danmark. Derfra reiste han til København for å utdanne seg til maler. Fra 1717 til 1723 bodde han i Trondheim. Da flyttet han til Vågå og bosatte seg i prestegården. Hans onkel Anders Munch hadde da blitt prest i Vågå. Anders Munch var gift med en halvsøster til Eggert, Hun het Else Cathrine Stockfeldt (født 1672) og en av døtrene til Anna Glostrup og

presten Stockfeldt. I Vågå bodde Eggert Munch fram til 1738. Da døde Anders Munch og Eggert drar tilbake til København.

Eggert Munch var den mest produktive norske maleren i barokktiden, og flere av altertavlene er preget av flamske malere som Rembrandt og Rubens. Av kjente tavler er altertavlen i Nordsinni kirke i Land og Immanuels-kirken i Halden,1749. Eggert Munch reiste mye rundt i landet og dekorerte mange hus, men de er borte i branner. Han var også læreren til dekorasjonsmaler Peder Odnes fra Fluberg i Land. Det er igjen kunstneren bak portrettene av Christine Storm Munch og Peder Munch. Peder Odnes uttalte seg om maleriet av Christine Munch at det var den mest "aparte" person han noen gang hadde malt, men det ble et staselig bilde som viser den barokk stilen til fulle. Eggert Munch malte også mange votiv-tavler som henger i i Lom kirke og i Ski kirke. Det var bilder av familier som er portrettert og hengt opp i kirken av dem som er avbildet.

Tilbake til hovedbølet i Lom. På Blaker hadde den yngste sønn til Lauritz overtatt gården etter sin far. **Michel Lauritzsøn Blaker (Munk)** ble den rikeste mann i Gudbrandsdalen etter fogd Lars Gram på Steig i Sør-Fron. Ved jordegodsbytte med sine søsken fikk han enerett på gården Blaker samt ½ hud i Skjæsar i Lom, ½ hud i Orden i Eidsbygden i Romsdalen, 3 huder i Frisvold og ½ hud i Fossum på Tretten. I tillegg hadde Michel arvet tre søsken som døde ugifte, slik at han eide mange gårdparter i et stort område fra Romsdalen til langt ned i Gudbrandsdalen. I 1620 var Michel og kona gamle og syke. Derfor delte de eiendommen mellom de fire barna for å unngå tvistemål i et arveoppgjør. Barna er listet opp fra A til D.

A. **Eline Michelsdatter Munk**, gift til Valbjørg i Vågå fikk i 1620 2 huder i Gaustad og 21/2 hud i Melby, Romedal og en gårdpart i Fron.
B. **Rolf Michelsøn Blaker (Munk)** fikk som odelsgutt til åsete 8 huder og 1 hud i Frisvold ved Eidsbygden. Han ble bonden på Blaker. Han var født i 1563 og døde i 1635 som en rik mann.
C. **Henning Michelsøn (Munk)** fikk 21/4 hud i Helstad i Lom til åsete, 1 hud i Nørstegård ved Straurust, 31/2 hud i Annestad i Skjåk og 11/2 Frisvold og noen små gårdparter. Fra hans datter Marit Henningdatter (Munk) som giftet seg med Tjøstel Michelsen Andvord i Lom stammer flere slekter i Lom som Andvord, Aukrust, Stamstad, Sulheim og Agneberg.

D. **Lauritz Michelsen (Munk)** fikk av sine foreldre i 1620 gården Gausdal i Romedal verdsatt til 4 huder til åsete, samt 2 huder i Øvre Frisvold,11/2 huder i Nedre Frisvold, 1/2 hud i Kjæstad i Lom og 1 hud i Orden i Romsdalen. En av hans sønner**, Hr Thor Lauritzsøn (Munk)** født 1600 ble prest i Fron i 1625. I den stillingen døde han i 1651. Av hans sønner finner vi en **Jens Thorsøn Munch** som var småhandelsmann i Drammen og som hadde sønnen **Christen Jenssøn Munch**, vertshusholder i Kristiansand. Denne vertshus holderen **Christen Jenssøn Munch** danner kontakten med den nålevende familie Munch.

Eldste mann i eiendomsdelingen på Blaker i 1620 som var listet opp med "B" var **Rolf Michelsen (Munk)** førte videre i slekta den store eiendomssamlingen som i mange generasjoner var samlet med hovedsete på Blakar i Lom. Han var en rik mann i sin tid. Rolf døde i 1635 og etterlot seg to døtre og fire sønner. Men det var to sønner som førte slekta og verdiene videre. Fra eldstemann **Sevald Rolfsen (Munk),** født i 1603 og døde i velstand i 1665 stammer den slekta som etter han har sittet på Blakar fram til i dag. Broren til Sevald var Hr Lauritz Rolfsen (Munk), var født i 1608 og ble kapellan hos sin fetter, Thor Lauritzsen i Fron. Deretter ble han prest i Ål fra 1642 til 1664. Hans datter **Marthe Lauritzdatter (Munk)** giftet seg med presten Otto Jacobsen til Norderhov, og den eldste sønnen var **hr Hans Lauritzsen Munch** som i denne skrivemåten opptok det gamle ættenavnet. Hans var født i Ål i 1648, ble student i 1668 og i 1675 "kapellan med sukcession" hos presten i Asker. Det betyr at han som kapellan skulle overta embetet etter hr. Oluf Nielsen. Hans ble derfor prest i Asker i 1678 og satt i stillingen fram til 1686. Skrivemåten på ættenavnet var fram til slutten av 1600-tallet det middelalderske Munk, men fra presten **hr Hans Lauritzsen Munch** blir skrivemåten endret i slutten av 1600-tallet til **Munch.** Da har også familien spredd seg ut fra Gudbrandsdalen til Hallingdal og Telemark.

På slutten av 1600-tallet fram til 1730 var det en **Christen Jenssøn Munch** som var hotelleier og vertshusholder i Kristiansand. Han bodde i Østre Strandgate 1. Han ble gift med **Ingeborg Arneberg** i 1697. Hun hadde vært gift med korn-måler **Rasmus Sørensen** i 1685, en danske fra Jylland og som hadde en offentlig stilling i Kristiansand. De fikk en sønn, **Søren Rasmussen** i 1686. Faren, **Rasmus Sørensen,** døde i 1696 og enken**, Ingeborg** giftet seg med vertshusholderen **Christen**

**Jenssøn Munch** i 1697. Da tok den 11 år gamle stesønnen til Christen Søren det felles familienavnet Munch og skrev seg for **Søren Rasmussen Munch**. Han, som de fleste gutter i Kristiansand, gikk til sjøs, og Søren ble etterhvert kaptein. En tid hadde han kongelig bevilling på kapring av fremmede skip i Skagerak. Senere ble han som kaptein på galeien "Prins Christian" og leder av dette krigsskipet som var med i flåten til Tordenskiold i angrep på Sverige 1716.

**Ingeborg og Christen Munch** fikk to barn, **Jørgen og Margrethe**, og det var disse to som arvet faren i 1730. I arveoppgjøret, som er et detaljert dokument i statsarkivet i Kristiansand, går det fram at Jørgen, som er kaptein i den russiske flåten, stasjonert i St. Petersburg, frasier seg arven til fordel til sin søster som bor hjemme, ugift. Halvbroren Søren er ikke nevnt i dokumentet, altså ikke arving. Det er også da klart at Søren ikke ble adoptert av Christen Munch. Dokumentet lister opp alt innbo som var i vertshuset og verdien av stoler, senger og bord. En treffer på **Margrethe Munch** i Christiania i huset til **Søren Rasmussen Munch** i 1740-50-årene. Han flyttet fra Fredrikstad til Christiania i 1740 og begynte med hotelldrift og import av krydder og andre varer i Christiania. **Margrethe Munch** bor i hans hus til hun dør i Christiania i 1758.

**Christen Jenssøn Munch** i Kristiansand var personen som overførte sitt familienavn Munch til **Søren Rasmussen Munch.** Da moren **Ingeborg Arneberg**, giftet seg med **Christen Jenssøn Munch** og flyttet inn i vertshuset til husbonden i Østre Strandgate 1. ble hennes sønn med og naturlig nok tok fellesfamilien navn. Historien om Christen Munch og Søren Rasmusen Munch viser at det er en familie-forbindelse mellom slektene "Blakar-Munkene" og Munch-familien av i dag, med inngiftet familiebånd. Den nåværende slekt Munch kan markere at den starter med **Søren Rasmussen Munch** som var født i Kristiansand i 1686.

*Kjelder:*
*Munchene av Gudbrandsdalen, v, S. H. Finne Grønn*
*Geni: Sigvart Engebretsen Munch*
*Store Norske Leksikon, Henning Sivertssøn Munch – Eggert Munch*
*Wikepedia Den frie encyklopedi. Eggert Munch*
*Bygdebok for Lom 2, Jon Kolden*
*Statsarkivet, Kristiansand, Arveoppgjør for Christen Munch 1730*
*Munch, Familiebok1686-2000*

# Lokomotiva i Bårstadgruva

Av Arve Danielsen

I ei samanrasa og nedisa gruvesjakt på Bårstad står to lokomotiv. Kan desse bergast ut i dagen for å bli ein attraksjon i ei kulturhistorisk vandrerute? Dette spørsmålet vart reist under kveldsseto på Lalm samfunnshus. Interessa for historia om kleberdrifta på Bårstad er stor, over 30 år etter at drifta tok slutt. Kring 140 personar møtte opp for å høyre historia om Bårstad og sjå filminnslag frå den tida det var full drift der.

Eit sentralt tema denne kvelden, var kva som kan gjerast for å ta vare på kleberdrifta på Bårstad som kulturminne. – Det er for seint å prate om kva vi skulle ha gjort, nå lyt vi sjå framover, sa Terje kleiven, forfattar av boka om kleberdrifta på Bårstad og Sagflaten. Saman med Kjell Voldheim i Gudbrandsdalsmusea og Even Lusæter i historielaget leia han programmet denne kvelden.

Det som var mest spennande var å få høyre meir om lokomotiva som framleis står att i gruva, like intakt som da gruvearbeidarane sette de ifrå seg for over 30 år sidan. På Bårstad skal det ha vore tre lokomotiv. Dei fleste gruvejernbaner hadde sporvidde på 60 centimeter. Det var to diesellokomotiv av tysk fabrikat; Jung. Det eine var kjøpt etter krigen, det andre på slutten av 1950-talet. Det tredje lokomotivet var eit akkumulatorlokomotiv – drive av elektrisk kraft. Dette lokomotivet vart kjøpt frå Knaben gruver i Kvinesdal i 1975. Lokomotivet var britiskprodusert og var ti år gamalt da det vart sett i drift på Bårstad.

Det er fleire som har vore nede i gruvene og sett på lokomotiva etter at drifta tok slutt på Bårstad. Ivar Magne Bårstad (1960-2015) frå Lalm var nede i gruvene i april 2006. Han tok ein bildeserie som vart synt fram denne kvelden. Her fekk ein sjå det eine av to lokomotiv som står att. Bildeserien var også ein dokumentasjon på arbeidstilhøva i klebergruva, med blant anna ei kvilebrakke for dei som hadde arbeidsdagen sin under bakken.



I 2018 var Even Lusæter med tre blad Kleiven; Imbert, Iver og Anders, nede for å sjå på det same lokomotivet som Bårstad såg tolv år tidlegare. Denne turen resulterte i eit innslag som har vore vist på Norge Rundt på NRK. Gutane hadde med seg tau og såg dagsljoset forsvann over seg medan dei fira seg nedover. – Vi såg sikringane som hadde rasa saman i gruvesjakta. Det var som eit eventyr å koma 30 år attende i tid, sa Imbert Kleiven. Lokomotivet stod halvveges i is. – Lokomotivet står der. Eg trur det er mogleg å få det ut om ein grev seg gjennom eit område som er stengt av ras, sa Even Lusæter. Han sa at lokomotivet står 100 meter frå gruveinngangen.

-Er lokomotiva så viktige å få ut? spurde Terje Kleiven. Han meinte at ein kulturstig kan vere ein måte å ta vare på historia på. – Det er eit prosjekt som ikkje vil koste mykje, sa han. Kjell Voldheim sa at ein treng eldsjeler eller ein organisasjon til å ta fatt på arbeidet, og kasta fram Vågå historielag som ein aktør. Torgeir T. Garmo frå Lom sa at det ikkje er mykje å sjå i sjølve gruva, og at ei sikring av gruvegangane vil bli kostbar.
– Døkk har noko som er unikt som ingen andre har; kleberstein. Lag ein kulturstig, la folk og skuleelevar få emne å spikke i. Ungar tykkjer det er artig å lage ting i stein. Det er heller ikkje berre ungar som kan få glede av dette, sa Garmo. Historielaget skal saman med andre aktørar sjå på dette med kulturstig på Bårstad. Ein kulturstig med eller utan lokomotiv.

# Skolehistorie fra gamle dage

Av Knud E. Mo

Ethvert menneske mindes med vemodig glæde sit barndoms hjem og længes efter at gjense de steder, hvor han legede som barn, og hvor hans forældre og de, som var ham kjære, har levet og virket. Det er denne dybe og skjønne Følelse som har bevæget mig til at nedskrive følgende ufuldstændige erindringer «Fra gamle dage.»

Da pastor Krag kom til Vaage i 1830, stod det daarlig til med oplysningen. Faa kunde læse og færre kunde skrive. Skolehus fandtes ikke i bygden. Som en ivrig ven af skolen begyndte han straks at tette paa forholdene. Han oprettede en lærerskole, hvor han selv ledede undervisningen. Far, en krøbling, hvem han tog sig særlig af, var en af hans elever. Andre var: Hans Pillarvigen, Knud Braaten, Johannes Visdal, Brødrene Haugen fra Sel, hvoraf den ene blev digter af den bekjendte «Sjaa Soli paa Anararipig».

Da far kom saavidt at han kunde undervise i de almindelige Skolefag, blev han ansat som omgangs-skolelærer i Fintryen og paa Strandsiden, hvor han holdt skole paa de forskjellige større gaarde, hvor han fik kost og logi, samt otte Speciedaler i aarlig løn af skolekassen. Bøger som brugtes var: Grøgaard's læsebog, Wexel's bibelhistorie, Pontoppidans forklaring, Luther's lille kathekismus, Kingos salmebog, Linderoth's postille samt en del tabeller, som hangtes paa væggene for staveøvelser. Disse bøger bar far i et lidet skab forsynet med hængsler fra gaard til gaard. Skolen begyndte med sang og bøn klokken 9 om morgenen og varede til mørkningen, og holdtes i almindelighed i kjøkkenet, hvor husmoderen forrettede sine daglige sysler.

Penge fandtes næsten ikke iblandt folk. Selv de større gaardeiere, hvor de ikke havde nok husmænd, betalte sine arbeidere med korn, mel eller andet af gaardens grøde. Lønnen var derfor meget liden. Stærke og føre tjenere fik 12 daler og piger 2 daler i aarlig løn samt en del hjemmegjorte klæder. Under saadanne omstændigheder var det næsten umuligt for



*Skapet som Ener Moen bar på ryggen. Foto: Knut Ola Linløkken.*

fattigfolk at kjøbe bøger eller skolematerialer for sine børn. Far maatte derfor hjælpe børnene saalangt hans smaa indtægter kunde række. Staalpenne fandtes ikke. Far maatte derfor tage fjær, hærde dem i ilden og skjære penne, og han lavede selv blæk. Faa havde papir. Tavler og grifler bruktes mest. Lekser i bibelhistorien og forklaringen gaves børnene for hjemmestudium. Skolen sluttede ogsaa med bøn og sang.

«Skamfulkroken» var det almindelige Straffemiddel, men brugtes sjelden. Børn som ikke havde lært sine lekser maatte ofte «sita at». Da jeg blev gammel nok, fulgte jeg med far fra gaard til gaard. Jeg husker saaledes at skolen holdtes hos «Gammel Kræmmarn», da hans datter Mari blev gift med englænderen Blackwell – en stor begivenhed for de dage.

Høsten 1859 blev den saakaldte fastskole oprettet og to seminarister – Ole Hetlesæter og Gunder Neegaard – ansattes tilligemed far som lærere. Far blev saaledes ligesom et Bindeled mellem «fordum og nu», mellem den ældre og nyere tid, i oplysningen i Vaage.

Skolen aabnedes i et toetages hus paa Øyen, bestaaende af fire værelser, hvoraf det ene benyttedes og brugtes for oldtidsminders bevaring samlet ogsaa af pastor Krag, ogsaa en ivrig oldtidsgransker, saaledes en forløber for Dr. Sandvig paa næsten hundrede aar.



Hetlesæter fortsatte frivillig den lærergjerning, som pastor Krag havde begyndt. Far var en af hans første elever. Andre var: Ole A. Bu, som gik til seminariet og blev senere prest i Amerika, hvor han døde for kort tid siden hos en datter i Nord Dakota, John Harildstad, Thor Brustuen, Hans Strandbakken og flere. Da far blev gift, fandt han det nødvendigt at søge at forøge sine indtægter. I sine fritimer og ofte langt udover natten lappede han sko, bandt eller reparerede bøger. Desuden arbeidede han som kopist for sagfører Holstad og sorenskriver Hansen.

Om søndagene holdt han skole i skrivning og regning samt simpelt bogholderi. I 1860 hængte postaabner Haugen sig, og far blev ansat i hans sted, en stilling han beholdt til sin død 7de april 1892.

I januar 1860 blev en saakaldet «høiskoleklasse» oprettet i et værelse hos Kristen (farver) Øyen. Denne skole fik derefter navnet af «Vaage høiere almueskole», og blev snart videnom bekjendt. Elever kom fra «Vaage, Lesja og Lom». Jeg var selv en af de første elever. Andre var: John Sundt, Johan Nygaard, Thorvald, August og Caroline Reymert, Ole Blessum, Caroline og Jørgine Valle, Elenus, Christian og Marie Hetlesæter, Ingrid og Marit Blessum, Østen Kvarberg, Hans Raastad, Hans Formo, Syver og Mari Veggum, Johan og Augusta Holstad, mange fra Lom, Sel, Hedalen og Dovre. Jeg blev udeksamineret fra denne skole i den første

*Ener Mo. Foto frå Gunnar Sandbo, Vågå historielags fotoarkiv.*

klasse de 23de juli 1864. Samme høst fik skolen ogsaa sit nye skolehus, hvor det nu staar. Bøgerne, som brugtes var, Nissens verdenshistorie, Pettersens Norges historie, Jensens læsebog, Feragens regnebog, geografi (Christiania, 40000 indbyggere), bibelhistorie og forklaring, grammatik, kirkehistorie, stiløvelser, deklamation og sang. Desuden hadde vi en klasse i tysk, hvor vi brugte Autheriths læsebog og Løkkes grammatik. Paa skolen havde vi ogsaa et gammelt pibeorgel, hvor bælgerne droges vekselvis af eleverne. Dette brugtes under sang-øvelserne. Desuden havde vi ogsaa salmodikon, et enstreng instrument, gjort af Rolf Øyen til en pris af otte skilling. Lindemans koraler, udsatte i siffre var Sangbogen. I 1863 fik Hetlesæter ansættelse som fattigfor-stander paa Moss og forlod Vaage, ligesaa Neegaard. I deres sted kom Erik T. Linner og Paul Vigenstad, som senere kom til Amerika og blev lærer i pastor Preus menighed i Dane County, Wis.

Fra denne lille skole er udgaaet mange mænd, som har opnaaet ansvars-fulde stillinger, ikke alene hjemme men ogsaa her i sit adopterede fædreland, og den ærlighed og lovlydighed, hvorfor den norske



*Skulehuset som vart bygd i 1864. På same tomta vart det bygd ny skule i 1916, den gamle vart flytta til Skogbygda og fungerte som grendaskule til 1981. Foto frå Kjell Andersen, Vågå historielags fotoarkiv.*

emigrant er bekjendt, tror jeg, skyldes ikke alene skolen, men endnu mere kjærlighed til den norske moderkirke og den religionsundervisning som den har medgivet sine undvandrede sønner og døtre; for saasnart norske nybyggere samledes – om noksaa faa – i et nyt settlement, begyndt de strax at tale om kirkebygning og at kalde prest.



*Artikkelen er frå det amerikanske Gudbrandsdalslagets Aarbog No. 19, 1931. Skribenten advokat Knud E. Mo, Minneapolis, var frå Postmo i Vågåmo (bildet er frå artikkelen). Foreldra var «skoleholder» Ener Johnsen Moen (Mo) 1821-1892 og Imbjør Paulsdotter Haugen 1822-1904. Ved bryllaupet deira var fastskulelærar Hans Haugen forlover, det må vera han som var postopnar før Ener. Ener og Imbjør hadde sju barn: Knud f.1848, Hans f.1850, Ragnhild f.1853, Imbjør 1857-1857, Imbjør f.1857 (tvilling), Mari f.1860 og Thor f.1864. Mari var gift på Uldalen i Sel, men budde hjå foreldra i Postmo saman med barna til 1906 da ho flytte til Uldalen. Barna flytte til Uldalen etter som dei tok til på skulen.*



*Den gamle fastskulen som vart sett opp sist på 1830-talet. Ei usikker kartskisse frå 1860 viser at skulehuset stod på andre sida av vegen ved kyrkja, ein del nærare Finnbrua enn krysset mot prestgarden (kanskje mellom nåverande Flækøy og Coop). Det blir sagt at skulehuset nå er ein del av nedre bygningen på Søre Bu. Teikninga er av Kristen Holbø.*

*Gunnar G. Sandbo har skrivi om Ener Mo i «Posthistorie for Vågå kommune» i Jutulen 2016. Alle bildetekster av Knut Raastad*



*Engebret og Mari Uldalen og barna. Etter at Mari flytte til Uldalen vart Postmo bortleigd. Ei tid var det folketomt, men frå ca. 1970 budde dottera Ragnhild og mannen Kristian Magnus Bø der. Dagens eigar Anders Nordnes er oldebarn til Mari og Engebret Uldalen. Dei var også oldeforeldra til Knut Ola Linløkken som har kome med artikkelen. Foto frå Augusta Holmboe, Vågå historielags fotoarkiv*

# Jordmor fra Vågå til Høland i 1833

Av Mette Vårdal

Jeg har fått en henvendelse fra Halvard Tønneberg i Aurskog-Høland bygdetun i Akershus om ei jordmor fra Vågå. Her er hva han skriver:

*«Jeg jobber på Aurskog-Høland bygdetun og for tida jobber vi med en utstilling om lokale jordmødre. Nå har jeg kommet over ei spennende dame som jeg håper du veit enda mer om enn det jeg har funnet ut så langt. Rønnoug Sandboe ble født i Vågå og bodde der i mange år. Hun kom til Høland i 1833 og virka som jordmor i mange år. Veit du noe mer om hvorfor hun dro fra mann og barn i Vågå og startet et nytt liv i Høland? Og når hun tok jordmorutdannelse?*

*Dette er det jeg har funnet ut:*
*Rønnoug Jakobsdatter Sandboe 1793 – 1880*

*Rønnoug ble født 15. april 1793 i Vågå (Oppland). Hun ble konfirmert i Vågå i 1807. Hun var gift med Guttorm Christensson Rudistuen født i 1791 og døde i 1866. De giftet seg i 1816 og fikk fire barn: Christen, Anne, Marit og Jacob.*

*I 1833 flytter Rønnoug fra Vågå og starter et nytt liv i Høland som jordmor. Her starter hun et forhold til Søren Svendsen Madsen og 2. juli 1836 fødte hun sønnen Julius. Han ble døpt 26. juli. Søren dør allerede 6 juni 1845 – da står han oppført som kontorist med bosted Kollerud i S. Høland.*
*Anne Guttormsdatter (datter av Rønnoug) flyttet til Skattum i Høland i januar 1836. Som kommentar i kirkeboka står det at hun skal hjelpe Rønnaug med fødsler.*

*Rønnoug var jordmor i Høland i mange år, i alle fall fram til 1869.*
*I folketellinga for Høland i 1875 bor hun på Valaasen sammen med Julius og hans familie. Rønnoug dør 19.02.1880 på Vardåsen. Hun ble begravet 02.03.1880»*



Her er hva jeg svarte:

Rønnaug var datter av Sandbu-klokkeren. Det var en tjenestegutt i Vågå som fikk opplæring i prestegården, endte som klokker, gift med gårdjente og kjøpte seg en Sandbu-gård. Sandbu er opprinnelig en av de virkelig store og gamle gårdene i Vågå, men ble delt i flere bruk, og det var ikke den største han satt på. Jeg vil anslå et mellomstort bruk. Faren, Jakop Danielsson hadde boksamling og drev bibliotek, var venn med prestesønnen Edvard Storm som var dikter og lærer i København. På mange måter var denne familien ikke lett å plassere som embetsfolk, bønder eller husmenn/tjenestefolk. De var litt av alt, og høyt aktet i bygda.

I 1801 er Rønnaug yngste av 4 hjemmeboende barn. Hun kom altså fra en kunnskapsrik og belest familie, men uten slektsnettverk eller eiendom. Guttorm Christenson var fra Aasaarn, også det en middels gård i Sel (som var del av Vågå prestegjeld). Han er oppført som eldste barnet i 1801, men at han havnet på Rudistuen kan tyde på at det ikke gikk bra som bonde, enten det var faren eller han som var skyld i det.

1830-tallet var vanskelig for mange i Vågå, det var stor nød og matmangel. I 1865 står Guttorm oppført som innerst i Rudistuen (Guttorm Aasorn), der han blir forsørget av sønnen Jakop som er fehandler. Det ser ikke ut som han har klart å beholde husmannsplassen Rudistuen heller, dersom han har drevet den, men er altså innerst på husmannsplassen.

Årsaken til at Rønnaug dro er det ikke sikkert det er så lett å få svar på. Men det er ikke vanskelig å tenke seg at han ikke var særlig tess verken som bonde er ektemann. Det er jo mange slike historier.

Så kan man jo selvsagt si at Rønnaug forlot mann og barn i desperasjon og nød. Men, jeg tror det er viktig også å legge vekt på at hun må ha hatt en del ressurser for å få det til. Som sagt kom hun fra et hjem som ikke var rikt, men der kunnskap og boklig lærdom stod sterkt. Faren hennes hadde opplevd å stå på bar bakke som barn, kommet i tjeneste hos presten og skapt seg et nytt liv. Dette er noe av det jeg skriver om i avhandlingen min om Vågå fra 1745-1845, at noen hadde en «livsform» eller en innstilling til livet som gjorde at de i større grad enn andre så

muligheter. Skal ikke se bort fra at Rønnaug var en slik en, og at hun hadde fått med seg holdningene hjemmefra.

Men altså, det første jeg skriver er fakta, det siste er gjettverk.
Det finnes ellers et godt arkiv i Vågå, og mulig å finne ut mer.
Dette var et raskt svar ut fra hodet og raske søk i folketellingene på nett.
Og lykke til med utstilling!

*Et notat av en etterkommer av Rønnaug Sandbu viser at det i familien er blitt fortalt at Rønnaug reiste fra Guttorm pga. mye fyll og kvinnfolkhistorier. Familien etter Rønnaug har i alle år brukt slektsnavnet Sandboe. Sønnen hun fikk i Høland ble døpt Julius Marcus Storm, senere bytte han ut Marcus med Edvard og ble Julius Edvard Storm Sandboe. Også eldste sønnen Christen har etterhvert kommet til Høland, i 1865 var han enkemann og bodde da saman med mora. Av de andre barna til Rønnaug døde Marit som liten, mens Anne døde ugift i Høland. Den yngste Jakob var som nevnt fehandler og levde til 1910, etter at faren var borte bodde han på uppigard sør Sandbu der søster til Rønnaug var gift.*

*Red.*

*Fra Opplandsarkivet Vågå: Kirkeboka viser at Ronnog Jacobsd. Sandboe er registrert som utflyttet til Høland i 1833, hun er da nevnt som examineret Gjordemoder.*

*Fra wikipedia: Jordmorvesenet anses å være formelt opprettet i Norge ved reglement fra 1810. Da dette reglementet kom, var det ca. 50 utdannete jordmødre i Norge. De hadde sin utdannelse fra Fødselsstiftelsen i København, som hadde tatt opp norske elever fra 1766. Jordmoryrket var den første yrkesutdannelsen som var tilgjengelig for kvinner. Det ble etablert egen jordmorskole i Norge i 1818 i Christiania.*

# En bondebegravelse





*Erik Werenskiolds «En bondebegravelse». Vågå og Gvarv i Telemark. 102,5 x 150,5 cm. Nasjonalmuseet/ Nasjonalgalleriet.*

Av Erik Lillebråten

*”Egnen er meget vakker, en brilliant gammel kirke, som jeg nu i eftermiddag begynner at male»* Erik Werenskiold i brev til foreldra sine

Som teiknar er Erik Werenskiold (1855–1938) mest kjend for illustrasjonane sine til Asbjørnsen og Moes norske folkeeventyr og Snorres kongesagaer. Som målar derimot, er hovedverket hans *«En bondebegravelse»*. Dette vart måla i Gvarv i Telemark somrane 1883–1885, på grunnlag av ein skisse frå kyrkjegarden i Vågå i 1878.

*«En bondebegravelse»* vart vist fram på statens andre kunstutstilling i Kristiania hausten 1885, og vart straks innkjøpt av Nasjonalgalleriet. På Verdensutstillinga i Paris i 1889, skaffa kunstverket Werenskiold både *Grand Prix* og den franske Æreslegionen. Maleriet står sentralt i norsk kunsthistorie, og er kåra til Norges ”nasjonalmaleri”, nest etter Harald Sohlbergs *«Vinternatt i fjellene»*.

**Studietur til Vågå og Lom 1878**

Sommaren 1878 møtte den 23 år gamle Erik Werenskiold folkeminnesamlar Peter Christen Asbjørnsen. Dette fekk stor betydning for Werenskiold, og førte til den fyrste omfattende illustrasjonsoppgåva hans. For å samle inntrykk reiste Werenskiold på studietur til Vågå, der fleire av eventyra stamma frå. Han gjekk i tre dagar frå Lillehammer til Bjølstad, og derifrå over Heidalsskogen, ned dei bratte bakkane til Lalm og videre til Vågå. Der tok han inn på skysstasjonen på Sve. Etter eit par månaders studiearbeid i Vågå, kunne han frå hausten 1878 til april 1879 sende illustrasjonar til fleire eventyr («Gjete kongens harer», «Bamse Brakar», «Askeladden som fikk prinsessen til å løgste seg», «Trollene på Heidalsskogen», «Den sjuende far i huset», «Jutulporten» (i Jutulen og Johannes Blessom), «Presten og klokkeren» og «Kullbrenneren» - i alt 27 små teikningar der 23 vart brukte.




*Jutulporten (1878) – Forarbeid til illustrasjon, "Jutulen og Johannes Blessom" i P. Chr. Asbjørnsen. Foto: Nasjonalmuseet*

**Gravferd ved Vågåkyrkja**

*«En dag da Werenskiold sto slik og malte på den ødslige kirkegården i solsteken ble han vitne til en hendelse som ga ham motivet han søkte etter. En liten flokk bønder i svarte kirkeklær kom kjørende med en likkiste på kjerra og bar den inn på kirkegården. Der kastet de jakkene, spadde selv opp graven, senket ned kisten og satte en staur på kistelokket før de skuflet jorden igjen. Så tørket de svetten, satte spadene fra seg og lyttet andektig mens klokkeren med sprø stemme sang en gravferdssalme fra Landstads salmebok».*

Professor emerita Marit Werenskiold, Universitetet i Oslo

Kven var det Erik Werenskiold teikna denne dagen på kyrkjegarden sommaren 1878 ? Av vêrforhalda som Werenskiold beskriv i brev frå denne dagen, samt ministerialboka over gravferder i Vågå august–september 1878, framgår det at den døde må vera 93 år gamle Ener Johnsen Skurdal, føderådsmann på husmannsplassen Skaarseie (Skurdal) på i Lalm. Han døde 10. august, vart gravlagt laurdag 17. august, og jordfesta av sokneprest Erik G. Selmer dagen etter saman med to andre ”Lig”. Ut frå Werenskiolds teikning og folketellingane i 1865 og 1875 kan ein anslå at likfølget besto av Ener Johnsens fire sonar, Gulbrand Enersen (61 år), John Enersen Skurdal (husmann med jord på husmannsplassen Skurdal under Skår, 48 år), Ole Enersen (45 år), og Ener Enersen (36 år), John Enersen si kone Anne Pedersdatter (49 år) og sønnen deira Ener Johnsen Skurdal på 19 år. Det må vera lerar og kyrkjesangar Erik Thorsen Linner frå klukkergarden Grindstugun som syng ved grava. Mannen med spade er mest sannsynleg ein nabo eller slektning som har hjulpe til med kiste-frakt og graving. Eigne kyrkjegardsgravarar fannst ikkje på den tida.

Den ferske grava er pynta med eit kors av torv og ein røsslyngkrans, tredd over ein pinne som stikk opp av jorda. At ein lekmann forrettar, viser at begravelsen ikkje er fullbrakt. Jordpåkastelsen gjenstår, etter norsk lutheransk gravskikk. Dette ritualet vil soknepresten foreta neste preikensundag. Pinnen er toppen av ein staur som gravarane har satt ned på kistelokket til den døde. Stauren skal trekkast opp, og presten tøme tre skuffer jord ned gjennom holet, til orda: ”Av jord er du kommet, til



*Werenskiolds skisse til «En bondebegravelse» med Vågåkyrkja i bakgrunn. Mest sannsynleg teikna i 1878. Foto: Nasjonalmuseet / Anne Jarre.*

jord skal du bli, av jord skal du igjen oppstå." Presten deltok vanligvis ikkje i fattigfolks gravferder, kun når det gjaldt storfolk.

Fem år seinare gjekk Erik Werenskiold i gang med å omdanne denne skissa til det vi i dag kjenner som «En bondebegravelse». Han hadde bestemt seg for å måle bondebegravelsen på Gvarv i Telemark. I bakgrunnen er Vågåkyrkja bytta ut med landskap frå der.

*Kjelde: Professor emerita Marit Werenskiold, Universitetet i Oslo*

# Kva var det med Johannes Blessom?

Av Ivar Teigum

Landskappleiken i Vågå 2019 er over med tevlingar, fest og jubel. Eit av høgdepunkta var Vågåkvelden. I sentrum stod eventyret om Jutulen og Johannes Blessom. Temaet verkar usliteleg. Men kven var Johannes Blessom, og kva var det med han?

P. Chr. Asbjørnsen var den som skreiv ned eventyret om Blessomen som skulle heim frå København, og som fekk ein halsbrekkande skyss med jutulen sjølvaste julekvelden. «Du lyt tole det», sa jutulen da passasjeren hade miss tein vott, og faus ille. «Du får ikkje sjå deg attende», sa han sidan på veg inn jutulporten. Prisen for å titte vart eit slag nakkesleng – whiplash.

Eventyret var ein del av nasjonsbygginga i skulebøker og reiseliv. Etter Asbjørnsen kom Erik Werenskiold, som laga skisser av sjølve Jutulporten på 1970-talet. Til Noregs ungdomslag si landsstemne i 1964 i jutulens rette heimbygd vart det laga fane med himmelferd frå København til motiv. Men kven var den historiske Johannes Blessom? Ein kandidat peikar seg ut. I tida kring 1660 var ein Johannes einaste brukar på Blessom-gardane, som både låg under krona med sine til saman ti huder i skyld. Inga gardseining i Ottadalen var større.

I året 1660 gjorde kong Frederik i Danmark-Norge statskupp. Med hjelp frå handelsborgarskap og leigesoldatar greidde han å tvinge til seg makta frå den danske godseigaradelen. I Norge hadde det ikkje funnest eit organ med politisk makt etter reformasjonen, og ikkje noko sjølvstendig militærvesen. Men nordmennene skulle får høve til å hylle kong Frederik, og i den samanhengen skulle dei få fremje moglege klagemål. Sentralt til å formulere slike klagemål var bygdetinget i kvart sogn. I Gudbrandsdalen var det prosten som stelte seg i spissen for ei klage mot futen, som var hans svorne uvenn. For bøndene sjølve var prosten eit talerøyr. Futane i Gudbrandsdalen hadde i lang tid fare fram med så griske og eigennyttige metodar i innkrevjingane sine at folket hadde fått

nok. Så peikte dei ut hyllingsmenn som skulle samlast og leggje fram klagemåla. Frå Vågå møtte Johannes Blessom og Lars Kvarberg.

Det vart eit hurlumhei på tingsamlingane over heile dalen da formuleringane mot futen skulle godtakast. Ikkje minst i Ottadalen vart møta sprengde og øvrigheita jaga på dør slik at dei måtte ta til flukt sørover dalen. Klagemål mot styresmaktene hadde sjeldan effekt. Kommisjonar vart nedsette, møte utdrege i det uendelege, og sameleis behandinga i København. Eit opprør som det i Gudbrandsdalen i 1661 var det rimeleg å slå ned, og futen måtte innsetjast på nytt. Slik gjekk det også i første omgang. Men denne gongen kom det eit etterspel.

I samband med sentraliseringa av makt under kongen var det aktuelt å få laga ein systematisk matrikkel over all eigedom i landet, også jord, med tanke på skattlegginga. Den første matrikkelen for Opplanda var ferdig i 1661. Dette var noko som bøndene også kunne sjå seg tent med, for med ein matrikkel vart det vanskelegare for korrupte embetsmenn å truge til seg verdiar og eigedomar. Det vart slutten for den ille omtykte futen i Gudbrandsdalen.

Dei aktive i opprøret skulle likevel straffast for ulydnaden sin. Men ved dette høvet vart straffene relativt milde, og galdt berre få av leiarane. Johannes Blessom hadde site på dei to gardane sine sidan på 1640-talet. Frå starten var dei skyldsette for ni huder, men ein vrang fut hadde trumpa igjennom at taksten skulle vera ti huder. For dette skal Johannes ha ført ein seig kamp utan resultat. Men i 1661, utan at vi har årsaka dokumentert, miste Johannes den søre Blessomgarden. Frå da av var det soknepresten som rådde der. Ein kan spørja om det var ei form for represalie mot ein sentral mann i Vågå. Heilt til ut på 1680-talet sat Johannes Blessom i lagretta i bygda, og møtte på tinget fleire gonger i året. Det var eit tillitsverv.

Under arbeidet med bygdeboka for Vågå og Sel, kom spørsmålet opp om kva tid Jutulberget i Vågå vart Prestberget. Før Gerhard Schøning besøkte Vågå i 1775 fann vi ikkje ut noko om det, men Schøning skriv om Jutulberget. Første gongen eg fann Prestberget, var i eit dokument frå 1820-talet. For alt det kan dei ha vore nytta om kvarandre til alle tider. Den ikoniske Jutulporten har truleg eggja fantasien alltid.



*Sygard Blessom. Foto frå Magnhild Holø, historielagets fotoarkiv*


*Nordgard Blessom. Foto: Ansgar Brekke, historielagets fotoarkiv*

# Vågåsommaren og Kristen Holbø

Av Vigdis Kroken

Ti norske målarar samla seg i Vågå sommaren 1894. Kunstnarsamlinga blir kalla «Vågåsommaren». Dei ti kunstnarane var Kristen Holbø, Halfdan Egedius, Lars Jorde, Oluf Wold Thorne, Thorvald Erichsen, Alfred Hauge, Kris Laache, Alice Pihl, Ragnhild Hvalstad og Johanna Bugge.

Kristen Holbø (1869-1953) vaks opp på Sygard Holbø i Vågå. På den tida fanst det knapt noko måleri på veggane hjå folk, og alle såg det som rart at nokon ville finne på å bli kunstmålar. På Kleppe hadde dei nokre oljetrykk, og desse vart Holbø svært oppteken av. Men han var bondeson – og skulle sjølvsagt ta over farsgarden ein gong. Mor hans hadde forståing for kunstnardraumane til sonen, og da skulestyraren rådde faren til å la Kristen gå eitt år på Knud Bergsliens målarskule, «så blir han nok lei det heile», gav faren etter.

Kristen Holbø vart ikkje lei målarkunsten. Det var dette han ville. Som 20-åring tok han til på Bergsliens målarskule, og vart seinare elev av Eilif Petersens og Harriet Backers målarskule i 1893-94. Her slutta han seg til ein krins med unge målarar – og sommaren 1894 vart ni av dei med han til Vågå. Opphaldet, som i kunsthistoria blir kalla «Vågåsommaren», vart fruktbart for alle – og fleire kom attende til Kristiania med stemningsmåleri frå Vågå. Holbø arbeidde denne sommaren med illustrasjonar til Edvard Storms «Dølevisor». «Oss va unge og begeistra», sa Holbø seinare.

Målaren Halfdan Egedius (1877-1899) var ein god ven av Kristen Holbø. Egedius var født i Drammen, men hadde oppveksten sin i Asker. Vågåsommaren og Gudbrandsdalen sette spor i Halfdan Egedius. Det starta med at Kristen Holbøe inviterte han til farsgarden sin sommaren 1894. Reisa gjekk med båt frå Eidsvoll til Lillehammer og vidare til fots i fire-fem dagar opp gjennom dalen. Seinare skulle altså dei andre målarane koma. Venskapen med Kristen Holbø og samværet med dei andre

målarane var inspirerande for Egedius. I eit brev heim fortalde han: … om aftenen og natten var vi ude og roede paa elven, 2 baade fuldlastede, du kan tro vi havde det morsomt – kokte kaffe – danset (ikke jeg) og legde leger ude paa en ø i elven». Kunstnarane vart svært populære i bygda, og da dei heldt utstilling på slutten av sommaren, gjekk folk mann av huse for å sjå. Egedius døydde tidleg, i 1899, av strålesopp, som den gongen var umogleg å lækje. Han vart berre 22 år.



*"Jorde og vi", frå Gålen, måleri av Kristen Holbø. Foto frå Anne og Inger Holbø*

Same året som Vågåsommaren vart «Holbøbue» bygt i Sjodalen, og her kom både Holbø og andre målarar til å opphalde seg mykje. Målarane som var med på Vågåsommaren i 1894 vart glade i bygda, i naturen og menneska. Lars Jorde (1865-1839) var ein av dei som vart særs glad i Vågå, spesielt når han kunne reise innover Sjodalen mot Gjende. Vågå historielag inviterte nyleg til Kveldsseto på Gålen ved nedre Sjaadalen for å markere at Gålen er 125 år, Vågåsommaren er 125 år – og at Kristen Holbø vart født for 150 år sidan. Anne og Inger Holbø fortalde mykje interessant både om Vågåsommaren og om Kristen Holbø sine Sjodalsmåleri.


*Kjelder:*
*Ingrid Blekastad: Kristen Holbø i Norsk biografisk leksikon*
*Årbok for Gudbrandsdalen 1994: Astrid Skår*

# Magasinutstilling av måleri

Av Knut Raastad

Fyrste utstillinga i det nye utstillingsbygget i Ullinsvin var ei magasin-utstilling av måleri, sleder og ferdaskrin. Blant dette var historielagets samling av måleri av Kristen Holbø som vart måla frå 1894 til 1926. Alt kjem frå samlinga til Vågå historielag. Her er lista over måleri:

**Olav Hanslin** 1903-1991. Lalm. Kunstmålar og skulptør. Statens Hånd-verks- og Kunstindustriskole 1921-23; stutt tid på Statens kunstakademi under Christian Krohg og Halfdan Strøm; Pola Gauguins målarskule ca. 1923-25; Académie Montparnasse under Per Krohg, Henrik Sørensen og Otto Skøld; Académie Colarossi Paris 1926-28.
Høstutstillingen 1923, 1932, 1934-1937.

1. Portrett av Ivar Kleiven, 1927
2. Interiør frå Vågåkyrkja, 1932

**Kristen Holbø** 1869-1953. Han studerte under Knud Bergslien i 1890, Eilif Peterssen og Harriet Backer i 1893 og 1894, og under Kristian Zahrtmann i vinterhalvåret frå 1897 til 1902. I 1909 hadde Holbø si første separatutstilling i Christiania kunstforening. Holbø budde i Vågå fram til familien flytta til Lillehammer i 1912. Statens kunstnarlønn frå 1946. Høstutstillingen 1895, 1898-99, 1901, 1903-04, 1906-07, 1908-12, 1915, 1917-18, 1924, 1930-31, 1933-40, 1945-48. Mange bilder i Nasjonal-galleriet.

3. Kristens syster Anne Holbø med skaut i handa. Sommarnatt sørover Sjårdalen, 1896.
4. Frå Rondane, 1926.
5. To unge jenter (Anne J Holbø og Mari I Sveen) ved Sunde-sætra mot Skaehø, 1894.
6. Frå Kampen sæter mot Øvre Sjaadalen og Besshøa. Portrett av Ivar Kleiven, 1915.
7. Blåtjernholet. På Blåbræa ligg det rein, Blåtjønnin med Nautgardstind bakfor, 1909.
8. Portrett av Ivar Kleiven, 1915.

9. Gammal kvinne med skaut. Portrett av Brit Kleiven, 1912.
10. Frå Sandånebben ved Melingen, 1917.
11. Motivet er å finne mellom Valbjør og Visdal mot Hovdkinn og Vågåvatnet.
12. Jehans Sonde, måla upponde Grasvik-bergom i retning mot Dyrtjøn og Refjellom, 1909.

**Christian Krohg** 1852-1925, målar, forfattar og journalist. Christian følgde undervisning på Tegneskolen parallelt med jusstudiene. Faren døydde i 1873, og da Christian i 1873 hadde fullført juridikum, reiste han til *Die Grossherzoglich Badische Kunst-Schule* i Karlsruhe, derr han hadde Hans Gude og Karl Gussow som lærarar. Etter eit år der fortsette han hausten 1875 sine studier ved Königliche Akademie der bildenden Künste i Berlin. Christian Krohg var den fyrste professor og direktør ved Statens kunstakademi (1909–25). Han var med og etablerte Høstutstillingen, og han var formann i *Bildende Kunstneres Styre* 1907–1925.
13. Portrett av Simen Wolrath.

**Joron Sitje** 1897-1982. Voks opp i Oslo og Hokksund og studerte ved Statens håndverks- og kunstindustriskole 1915–19 under Lars Utne og Oluf Wold-Thorne. Opphald 1916–19 i Paris, i lære hos blant andre Othon Friesz. Så til Italia i 1920. Kjend for sine bilder frå Kenya der ho var busett 1928-1939 (ektemannen dyrka kaffe og mais på Kanga farm). I Asker 1939-1972.
14. Portrett av Halvdan Halvorsen, 1915.

**Knut Ljøsne** 1895-1963, frå Lærdal, lærar i Vågå. Elev i stuttare perioder av Kristen Holbø og Lars Jorde 1922–24; Søren Onsager og A.C. Svarstads malerskole 1925–26.
Høstutstillingen 1931, 1932, 1934, 1946-1948, 1953, 1957, 1960, 1963.
15. Portrett av Jakop Haugen, ein kjempekar frå Vågå.
16. Frå Klones i Vågå, 1924.
17. Portrett av Ivar Kleiven.
18. Portrett i glas og ramme.

**Knut Sandvik** 1873-1970, frå Hamar. Teiknelærar i Oslo, kunstmålar. Opphald i München Budde ei tid på Fefor. Måla mest akvarellar, eit av hans mest kjente arbeid er «Fra Gjende».
19. Portrett av Jens Tronhus.

**Henry Førli**, Vågå, kunstmålar.
20. Interiør.

**Otto Bakke** 1894-1959, Vågå, kontorist og dekorasjonsmålar.
21. Vågå prestgard Ullinsvin, 1926.

**Ola Martinus Høgåsen** 1900-1964, frå Grue, lærar, klokkar og ordførar i Vågå. Diktar og lokalhistorikar.
22. Vågåkyrkja.



*Siste tilvekst til målerisamlinga er Kristen Holbøs "Fra Rondane" frå 1926.*

# Olufhuset og milorghytta Reiret

Av Knut Raastad




Vågå historielag har vore på tur til Olufhuset på Øvre Havn og milorghytta Reiret på Sel. Stein Havn Karlsen har restaurert Olufhuset for å ta vare på minnet om motstandsmennene Oluf Havn, Einar Boyesen og Helge Frøisland som vart skotne den 29. mars 1945. Havn døydde på Øvre Havn, medan Boyesen døydde på lasarettet på Dombås nokre dagar etter. Frøisland vart skoten lenger oppe i skogen. Også den tyske oberstormführer Adam frå Gestapo på Dombås vart skoten og døydde på Øvre Havn denne natta. Einar Boyesen kom frå Brattland i Nordherad da han vart skoten, han budde på låven der ei tid. Sigrid Brattland som var 4-5 år tykte det var så skummelt at han hadde ståande børse ved senga si.

Reiret som er freda vart bygd våren 1944. Hytta vart prefabrikert på Enstadverkstaden av Hans Enstad og Johs. Galstad, dei snekra det på ei natt. Torstein Myrum frakta lemmane til Øvre Havn midt på dagen og Ottar Havn kjørde med hest vidare oppover. Distriktssjef Wilhelm Molberg Nilssen, hans adjutant Einar Thorsrud og telegrafisten Finn Bjørn Johnsen var dei som brukte hytta.

*Kjelder: Stein Havn Karlsen, Sigrid Brattland og Jon Vegard Lunde: Det var ei rar tid*

# Avduking av Bull-statuett

Av Eva Kahrs



I folkemusikkmiljøet er Ole Bull (1810-1880) kjend som fiolinist og komponist, ein dyktig musikar med sterke røter i folkemusikktradisjonen. Særleg Myllarguten var ein viktig inspirasjonskjelde for han, og Bull transkriberte fleire av slåttane hans. Som musikar sjølv likte Bull godt å improvisere, og han var ein svært god utøvar. På denne tida var det vanleg å sende rundt ein hatt som publikum kunne legge songtitlar i, og så kunne musikaren trekke ein lapp og lage improvisasjon utifrå dette. Det seiest at Beethoven var meistaren i Europa, men at Ole Bull ikkje var langt bak. Og kanskje gjorde dette Ole Bull ein smule stormannsgal, då han kjøpte eit stykke land i Amerika som han skulle kalle Oleanna (men som diverre synte seg å vere berre ørken og stein), eller då han kjøpte si eiga øy utanfor Bergen og bygde seg eit lite palass.

På prestegarden i Vågå budde det på slutten av 1700-talet to systre med familien sin, Christine og Gidsken. Christine vart oldemora til Edvard Munch, og Gidsken vart bestemora til Ole Bull, og dei vaks båe opp i Vågå og vart gift i Vågåkyrkja. Desse damene, bestemora og oldemora som han kalla „tante Storm“, vart viktige inspirasjonskjelde for Ole Bull. Dei fortalde eventyr og segn frå Vågå, og Bull hadde sterk tilknytning til slekta og røtene i Vågå, sjølv om han aldri var i bygda. „Tante Storm“ var ein matelskar, og det er mogleg å kjøpe den nyutgjevne boka Fru Christine Storm Munch og hennar kokebok med oppskriftene hennar.

26. juni 2019 var det avduking av statuetten i Ullinsvin av statssekretær i Kulturdepartementet, med song av Ann Cathrin Tessnes og spel av Mads Erik og Bjørn Kåre Odde. Primus motorar bak prosjektet, Unn og Birger Bostad, fortel at det var noko diskusjon om kvar den 86 cm. høge statuetten i bronse skulle stå i prestegardshagen Ullinsvin, heilt til dei fekk den Vågå-baserte kunstnaren Kjell Erik Killi Olsen på besøk. Han fann ein fin, gamal stein i hagen som statuetten skulle stå på, ikkje langt frå bysta til slektningen Edvard Munch.



Statuetten er laga av Anders Svor (1864-1929), og Unn Bostad seier at han faktisk studerte ved Den Kongelige Tegne- og Kunstskole i Christiania under lærar Julius Middelthun, samstundes som Edvard Munch og Vågåkunstnaren Jo Visdal. Ho tykkjer ho kan sjå fleire likskapar mellom Munch og Bull. „Dei båe skapte utifrå lidenskap, draumar og lengt. Utan atterhald formidla dei kunstverka sine, kvar på sin måte. Dei var båe modige og litt „ville“ personar, seier ho. Og slik kan Edvard Munch og Ole Bull halde fram med å inspirere alle som kjem innom Ullinsvin, til å vere seg sjølv og våge å gjere det ein drøymer om.

*Edvard Storm (1749-1794) er nært knytta til folkemusikken gjennom sine dølaviser. Han var bror til Gidsken, bestemor til Ole Bull.*

# Frå bygdamuseum til regionmuseum

Av Bård Hanem

*Bård Hanem hadde som sektorleiar for oppvekst og kultur i Lom kommune ansvar for Lom bygdamuseum. Seinare har han vore med i styret for Museet i Nord-Gudbrandsdal og Gudbrandsdalsmusea AS. Hanem har dermed følgd museumsutviklinga over lang tid. Redaktøren av Jutulen har oppmoda han til å skrive historia om dette. Hanem har teke for seg utviklinga for Lom bygdamuseum med sikte på lesarar i Lom, redaktøren har redigert dette til ein artikkel tilpassa Vågå og Jutulen.*

**Bygdamuseum**

Lom heimbygdslag vart stifta i 1926, og sette ned ei nemnd for å arbeide med å få ein stad å hyse antikvitetssamlinga som var kjøpt av diktaren Olav Aukrust. Sju år seinare kjøpte laget Glømsdalsstugu saman med stallen. I oktober 1943 vart det vedteke å starte arbeidet med å flytje Glømsdalstugu og få ho sett opp i Presthaugen, og arbeidet gjekk fram til sommaren 1945. Det første bygdamuseet i Gudbrandsdalen vart innvigd 25. august 1945. Frå 1945 og fram til 1984 utvikla heimbygdslaget museumsområdet. Også frå Vågå er det bygninger i Presthaugen; det kom tre hus frå Perstugu som vart reist til ulik tid: eldhuset 1963, låven 1964 og fjoset (på husmannsplassen) 1979.

Vågå historielag vart stifta i 1929, og også der vart byggjing av museum ei sak heilt frå fyrste tida (meir om dette i «Jutulheimen – Bygdatunet» i Jutulen 2008 og «Museumstanken» i Jutulen 2015). Jutulheimen bygdamuseum vart opna i 1957. Lesja heimbygdslag vart starta i 1958, og fyrste huset på Lesja bygdetun vart sett opp i 1963.

**Drifta av museet fram til 1989**

Fram til 1984 hadde heimbygdslaget, eigaren av Lom bygdamuseum , heile ansvaret for både drift og vedlikehald. Men for laget vart dette etter kvart økonomisk utfordrande, og frå 1984 kom kommunen inn. Styret for museet vart no kulturstyret supplert med to frå heimbygdslaget. Fire år seinare tok kommunen over ansvaret for Presthaugen, men når







*Fjoset (på husmannsplassen), låven og eldhuset i Presthaugen er frå Perstugu i Vågå. Foto: Knut Raastad*

kulturstyret handsama saker som galdt Presthaugen, vart kulturstyret framleis supplert med to frå heimbygdslaget. Drifta av museet skjedde ved dugnad, heimbygdslaget sine eigne midlar, kommunale løyvingar og statlege/fylkeskommunale tilskott, kanaliserte i slutten av perioden gjennom Samnemnda i Oppland.

**Samnemnda for musea i Nord-Gudbrandsdalen 1988/1989 - 2003**
Fylkeskommunen ønskte eit nærare og meir forpliktandes samarbeid mellom dei tre bygdamusea i Norddalen. Dette sprang ut av ønsket om at løyvingane i større grad skulle brukast for å ruste opp den faglege drifta, både den museumsfaglege og vedlikehaldet av bygningar og gjenstandar. For å få til dette ønskte fylkeskommunen å kanalisere løvingane gjennom ein ny organisasjon, frå 1988 fekk denne namnet Samrådingsnemnda for musea i Nord-Gudbrandsdalen, året etter vart namnet Samnemnda for musea i Nord-Gudbrandsdalen. Styret for den nye organisasjonen vart samansett av seks medlemmar, ein frå kvar av eigarane av dei tre musea og ein frå kvar av kommunane Lesja, Vågå og Lom, dvs. frå kulturstyra i dei tre kommunane. Funksjonstida fylgde kommunestyreperioden. Arbeidsgjevaransvaret for tilsette vart lagt til Vågå kommune. Tilsettingsmynde fekk styret og rett til å disponere løyvingane frå fylket.

Alt i 1988 vart ein distriktskonservator og ein handtverkar tilsette, begge i fulle stillingar. Arbeidstida skulle dei mest mogleg dele likt mellom Jutulheimen, Lesja bygdetun og Lom bygdamusem. I perioden fekk Lom bygdamuseum ein opptur. Ved sida av at museet fekk knytt til seg ein museumsfagleg i 1/3 stilling og ein handtverkar i same stillingsstorleik, oppretta kommunen ei full kulturkonsulentstilling frå 1993 og fem år framover, der om lag halvparten av arbeidstida var knytt til Presthaugen. Dessutan vart det og i to år funne midlar til ei halv museumspedagogstilling. Dei auka personalressursane førte m.a. til at husa i Presthaugen vart rydda og utstillingar kom opp, og det vart laga pedagogiske opplegg. Distriktskonservatoren gjekk over i anna stilling i slutten av perioden. Ledige lønnsmidlar, om lag 900.000 kr, vart overført til den nye organisasjonen. (Desse midlane vart ved overgangen til Gudbrandsdalsmusea øyremerka til bruk i Norddalen og har for det meste vorte brukt til vedlikehald av bygningane ved dei tre friluftsmusea.)

**Museet i Nord-Gudbrandsdalen IKS (MING) 2003 - 2008**
Ei stortingsmelding (1999-2000) «Arkiv, bibliotek og museum», NOU 1996 «Museum, mangfald, minne og møtestad» og «Handlingsprogram for Musea i Oppland» (2002 – 2005) er bakgrunnen for at MING vart eit regionmuseum frå 1.januar 2003. MING skulle vera eit driftsselskap og museumsfagleg kompetansesenter for samlingar i Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå og Sel. Lesja bygdetun, Einbustugu, Lom bygdamuseum, Stavkyrkjesenteret i Lom, Jutulheimen, Info-senter for bergverk og steinindustri i Sel, Norddalsarkivet med sine avdelingar på Dovre, i Skjåk og Vågå – og Folkemusikkarkivet i Vågå blei organiserte som sjølvstendige avdelingar under MING. Administrasjonen vart lagd til Norsk Fjellmuseum sine lokale i Lom, jf. vedtak i fylkestinget 10.12.01. Oppgåvene til museet skulle vera innsamling, vern og sikring av samlingane, forsking, formidling og utstillingar. Til å løyse desse oppgåvene vart det frå 01.08.2003 tilsett ein dagleg leiar i full stilling med kontorstad Lom og ein museumskonsulent i halv stilling med kontorstad Lesja. (Lesja kommune gjekk inn og betalte for ei halv stilling i tillegg for å gjere kommunale oppgåver slik at stillinga vart full.) Med til saman 0,7 stilling i arkiva – 0,2 stilling på kvart av arkiva på Dovre og Vågå - og folkemusikkarkivet og 10 % på arkivet i Skjåk. Såleis fekk MING i alt 3,2 stillingar. Frå 01.09.2003 vart det i tillegg tilsett ein museumskonsulent i full stilling, ei stilling som vart oppretthalden fram til 15.04.2009, kontorstad Lom. Oppgåver for konsulenten var å drifte bygdemusea i Vågå og Lom.

Det vart utarbeidd ein selskapsavtale hausten 2002 som alle seks kommunane skreiv under på. Her blir det gjort greie for at i det interkommunale selskapet, eit IKS, er kvar kommune ansvarleg for 1/6 av selskapet sine plikter. Kommunane er ikkje pliktig til å betale eigendel, men som eit hovudprinsipp «skal kvar kommune gå inn med eit tilskott på minst 25 % av kostnadene knytt til lokale tiltak ved museum/samlingar i kommunen, eit såkalla «vertskommunetilskott». Det samla tilskottet frå staten, fylkeskommunen og kommunane skal disponerast av styret», heiter det i avtalen. Kommunane hadde høve til å løyve øyremerka midlar til lokale samlingar, men midlane skulle kanaliserast gjennom MING. Dei styrande organa skulle vera eit representantskap og eit styre, kvar av dei med seks medlemmar frå alle dei ulike kommunane. Dei seks i representantskapet peika ut medlemmane til styret- også styreleiar. Både representantskapet og styret sine medlemmars funksjonstid skulle følgje kommunestyreperioden.

Det vart i tillegg gjort avtale mellom dei lokale samlingane og MING. Her blir det m.a. gjort greie for at forsikring og vedlikehald er eigarane sitt ansvar, og at eigarane har ansvaret for bygningar, uteareal og museale samlingar, men at MING til kvar tid har full disposisjonsrett over dette. MING sitt ansvar er avgrensa til det faglege. Tilskotta frå stat/fylke til museet frå år 2002 til år 2004 auka frå 1,2 mill. til 1,7 mill. I same perioden auka kommunane tilskottet frå 200.000 til 600.000. Den samla tilskottsauken var såleis 900.000 kr i perioden. Lønsutgiftene auka med ca ein mill kr. Av dette går det fram at det var eit misforhold mellom det arkiva og museet kunne makte og det som mange ute i kommunane venta av dei. Fram til endring av museumsstrukturen i 2008 auka løyvingane noko, men det var på langt nær så mykje at det kunne seiast at vi no hadde fått velfungerande arkiv og eit tilfredsstillande museum i Norddalen. Den største utfordringa var å skaffe frie driftsmidlar som museet kunne bruke i aktuelle prosjekt.

**Gudbrandsdalmusea AS**

Gudbrandsdalsmusea AS vart etablert frå 01.08.2008 etter ei omfattande utgreiing, der fylkeskommunen var pådrivar. Bakgrunnen for den nye organisasjonen var ønsket å få ein breiare og større kompetanse inn i museet, få med Midtdalen i ein paraplyorganisasjon (dei hadde ikkje funne sin plass i museumsverda) og håpet om å få større offentlege løyvingar slik at det museet kunne bli ei kulturell drivkraft i Gudbrandsdalen. Ei større konsolidering var også i tråd med sentrale føringar. Det nye museet vart organisert som eit AS med 100 aksjar, dei 9 kom-munane i Nord- og Midt-Gudbrandsdalen har aksjemajoriteten. Styreleiar er vald av generalforsamlinga, medan dei andre seks medlemmane i styret er valde med ein frå Ottadals- kommunane, ein frå Lesja, Dovre og Sel, ein frå Midtdalen og to frå institusjonseigarane. Dei siste er Stiftinga Lesja Bygdetun, Jutulheimen Bygdamuseum v/Vågå historielag, Lom Bygdamuseum v/Lom kommune, Stiftelsen Norsk Fjellmuseum, Senter for Bygdekultur v/Norsk Kulturarv, Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling og Stiftelsen Ringebu Prestegard. (I styret sit også ein frå dei tilsette). Dei nye avdelingane som er komne ved eller etter den siste konsolideringa, er: Norsk Fjellmuseum (den museale delen), krigsminnesamlinga på Kvam, Stavkyrkjeutstillinga Ringebu, folkemusikkarkivet på Vinstra, midtdalsarkivet i Ringebu, Pilegrimsenteret Hundorp (har ansvaret for Pilegrimsleden Vingrom/Brøttum til Nord-Sel) og Senter for Bygdekultur på Dovre.

Det er inngått samarbeidsavtalar med alle eigarane, og i avtalen med Vågå historielag heiter det: Gudbrandsdalsmusea AS skal ha det faglege, strategiske, administrative og økonomiske ansvaret for drifta av Jutulheimen bygdamuseum. «Ingen avgjerder av ekstraordinær karakter eller av betydning kan bli iverksett av Vågå historielag utan godkjenning frå styret i Gudbrandsdalsmusea AS.» Vidare heiter det: «Vågå historielag har eit særleg ansvar for å ivareta kontakten med lokalsamfunnet.» Etter avtalen skal det haldast minst eitt møte i året mellom museet og historielaget om felles interesser. «Vågå historielag kan iverksette arrangement, dugnader m.m.. Utgifter og inntekter i den samanheng er Vågå historielags sitt ansvar. Slike arrangement må likevel skje i samråd med dagleg leiar for Gudbrandsdalsmusea AS, eller den dagleg leiar gjev mynde som driftsansvarleg». Vågå historielag er eigar av samlingane og har ordinært vedlikehaldsansvar for eigedomen, men i motsetning til MING-avtala er det Gudbrandsdalsmusea AS som har ansvar for andre driftskostnader slik som forsikring, kommunale avgifter og oppvarming samt har inntektene av utleige. Gudbrandsdalsmusa AS hadde i 2018 eit driftsbudsjett på om lag 10,8 mill kr, der ulike offentlege tilskott var om lag 9,7 mill kr. Det er 17 tilsette i museet på årsbasis; av desse sju i fulle stillingar; om sommaren kan det vera opptil 43. Dei tilsette har ulik fagbakgrunn, som f.eks. arkeologi, etnologi, bygg – og bygningsrestaurering frå Ås, tradisjonshandverk, formidling og lærarutdanning. Det er tilsett ein direktør som administrativ leiar, kontorstad Hundorp.

*Kjelder som er brukte:*
*Protokollar Lom heimbygdslag*
*Protokollar Lom kulturstyre*
*Protokollar MING IKS og Gudbransdalsmusea AS*
*Lom Bygdemuseum 1985, Jon Kolden*

# Das Ding an sich / tingen i seg sjølv

*Om gjenstandssamlingsarbeid i Vågå og norddalen.*

Av Torveig Dahl

*Utgangspunkt for foredraget var magasinutstillinga Gudbrandsdalsmusea og Vågå historielag hadde i det nye, enda ikkje offisielt opna, galleriet i Ullinsvin, sommaren 2019. Magasinutstillinga synte stassledar, ferdaskrin, mindre kister og maleri frå samlingane til historielaget. Saman med dette var det lagt fram ein perm med relevant utdrag frå sluttrapporten til eit prosjekt Gudbrandsdalsmusea hadde hatt om vurdering av samlingar (Significance). Dette synte m.a. den informasjonen som fins i fornya registrering av ein del av objekta som var stilt ut. I permen var det og høve til å skrive inn kommentarar til registreringane. Ein av kommentarane der er verdt å nemne, Jon Brænne, malerikonservator, som syntes dette var veldig god dokumentasjon av utstilte objekt.*

*Artikkelforfattaren er pensjonert direktør for Gudbrandsdalsmusea (2011-2019). Ho er utdanna møbelsnekkar frå Hjerleid, kulturhistorikar frå Universitetet i Oslo og har i tillegg høgskuleutdanning innan øk., adm. og leiing. Ho har 35 års erfaring frå museumsarbeid i Oppland. Denne artikkelen er basert på eit foredrag på Kveldsseto i regi av Vågå historielag og Gudbrandsdalsmusea i Ullinsvin 10. juli 2019.*

I den kjende tyske filosofen Immanuel Kants (1724-1804) *«… filosofi står Ding an sich i motsetning til Erscheinung (fenomen), som betegner virkeligheten for så vidt den er gjenstand for erfaring»* (Eivind Tjønneland/ wikipedia). Eg bruker dette som eit litt søkt utgangspunkt for å drøfte samlingsarbeidet til Vågå historielag som er i bygdamuseet i Vågå.
I samarbeidsavtalen med Gudbrandsdalsmusea AS frå 2008 er det museet som har det faglege ansvaret for samlingane, medan historielaget er eigar.



*Magasinutstilling i Ullinsvin sommaren 2019 med historielaget si malerisamling kombinert med ferdaskrin og mindre kister saman med stas-sledar. Utstillinga vart laga i eit samarbeid mellom Vågå historielag og Gudbrandsdalsmusea. Foto: Torveig Dahl.*

Gjenstanden i seg sjølv har fått stort fokus i innsamlingsarbeidet i Gudbrandsdalen heilt inn i vår eige tid. Ved ein gjennomgang av registreringar av samlingane var det minimalt med forklaringar om bruk, eigarskap, produksjon, kven har levert objektet til museet mm. Ein har altså meint at å bevara tingen i seg sjølv er nok for framtida. Våre erfaringar, kjennskap til, materiell eller immateriell tradisjon om gjenstanden («die Erscheinung» eller kontekst) har ikkje vorte tillagt særleg vekt ved registrering tidlegare. I denne artikkelen har eg laga eit historisk oversyn over samlingsarbeidet til Vågå historielag saman med museumsorganiseringa etter 2000. Museet gjennomførte i 2015-18 eit større prosjekt med nyregistreringar av nokre gjenstandstyper (stasslede, ferdaskrin, bogtre og høvre). I prosjektet vart desse brukt som grunnlag for ei verdivurdering av museumssamlingane med Significance-metodikk. I artikkelen bruker vi nemningane slede om stasslede, kyrkjeslede mm, arbeidsslede er ikkje med. Med skrin meiner vi ferdaskrin. Magsinutstillinga var basert på desse delsamlingane i Vågå.

## I Bakgrunn

Vågå Historielag vart stifta i 1929. I møtereferat frå fyrste ordinære årsmøte, 12. april 1930, står det … «*Kaspar Øvstedal innleidde til ordskifte um eit Vågåmuseum*»… «*Det vart einrøystes vedteke å halda ein basar til inntekt for museum for Vågå. Basaren skal haldast ikring 20. mai i år.*» … «*Nettoutbytet vart 567,90 kr, som er innsett i Vågå sparebank.*» I same årsmøtet fekk Pål Nygård «*…fullmakt til å kjøpe til historielaget ein slede på* **Snerleauktionen,-** *han kan gå upp til 250 kr*». Dette er gjenstand «VHV 1288» i gjenstandsamlinga til Vågå historielag, som altså var den fyrste gjenstanden dei anskaffa. I årsmeldinga for 1935 og 1936 vart behovet for hus nemnd: "*Et spørsmål som burde vies særlig interesse er å skaffe laget hus, så både samlingen av gamle saker og arkiv kunde opbevares på samme sted på en betryggende måte. Slik som det er nu kan det vanskelig gå lenge, for arkivet burde vært i hvelv, og hvis samlingen blev på et sted med adgang for publikum vilde interessen og samlingen vokse.*"



*Den fyrste gjenstanden som historielaget skaffa, var ein spiss-sleda dei kjøpte i 1930 på ein auksjon på Sygard Snerle for kr. 250.*

Gjenstandar vart etterkvart lagra på eit stabbur på Klones, på sorenskrivarkontoret på Øi og på nigard Sandbu til dei hadde eige anlegg. Fyrste huset som kom opp var ei gammal tørrstugu frå Nigard Sandbu i 1955. Hausten 1956 vart det vedteke at bygdatunet i Kustigholet skulle få namnet «Jutulheimen». I denne perioden hadde det kome inn ein del testamentariske gåver av antikvitetssamlingar i tillegg til gåver av enkeltgjenstandar til historielaget. Elles har det vore kjøpt inn gjenstandar som har spesiell antikvarisk interesse, slik som Sæterdalsskåpet frå Sygard Kleppe, som vart skaffa i 1933. Det som kjenneteiknar desse gjenstandane er at dei er frå den før-industrielle gardsdrifta i bygda, i hovudsak vakre folkekunst- og andre stasgjenstandar, og med knappe opplysingar. Av særskilte samlingar i nyare tid kan ein nemne relieffa i gips med teikningar etter bilethoggaren Jo Visdal, felemakarverkstaden etter Ola Eide, gjenstandane frå Gardsøy (1991-2017) og instrumentsamlinga etter Leif Løchen (2018). Alle desse samlingane er av stor relevans for Ottadalen og Vågå.

**II Registreringshistorikk**
Frå starten vart gjenstandane sirleg registrerte i protokollar, seinare i maskinskriven protokoll (1034 nummer), NKKM-kort (1539 nummer) og Primus (digital registrering som blir lagt ut på Digitalt Museum) (pr. 15. juli 2019 er det registrert 3605 nummer). Mange av gjenstandane er registrerte fleire gonger. Medan andre ikkje er registrerte før etter 2013 da museet systematiserte gjennomgangen av alle gjenstandar, rom for rom i Jutulheimen og Ullinsvin, med nyregistrering og fotografering. Det har vore vekslande personale som har registrert gjenstandane. Frå starten var det ihuga historielagsmedlem som hadde eit nært kjennskap til kvar gjenstand. Seinare har det vore alt frå konservator til ufaglærte sommarvikarar som har registrert. Det er såleis ikkje særleg konsistent føring, grundig kjeldegransking eller lokalt kjennskap som er lagt til grunn for alle registreringane.

Museet la om registrering med satsinga på det felles programmet Primus, med god opplæring og oppfylging med registrator Eirik Haugen, som starta i august 2013. Museet omorganiserte slik at ein fekk ein fagansvarleg for gjenstandssamlingane, Søren Hald, og enda ein fast registrator, Oddleiv Ringlund. Registratorane har nå god lokal kjennskap til gjenstandskulturen i dalen og kjenner til lokale nemningar og lokal kontekst. Saman med vekslande avdelingsleiarar og andre har dei sørga

for betre fagleg registrering og handtering av samlingane for magasinering. I tillegg er dei nå fleire faste i staben som kan samarbeide om arbeidet; komplettere kvarandre på ein god måte. Vi har sett at det er varierande kvalitet i registreringane. Mange gonger har ein ikkje brukt tidlegare registreringar som grunnlag, slik at tidlegare informasjon kan ha gått tapt. Registreringane er i hovudsak ei fysisk beskriving, ingen kontekst og mangelfull proveniens (kvar han kjem frå). Slik at ein veit lite om bruken, tillaginga, folka som har hatt gjenstanden – eller kvar han har vore brukt ut i frå registreringa.

Som eit døme på manglande informasjon i registreringane kan eg nemne historia om den fyrste gjenstanden som vart kjøpt, Sleden frå Snerle. Dette kom ikkje fram i registreringa i Primus før eg sendte inn min kommentar til registrator etter foredraget 10.07.2019.



*Slede frå Kleppe.*

**Oppsummert** kan ein seia at ved registrering har ein sett det som viktig å nummerere og beskrive gjenstanden fysisk, og så har registreringa vorte arkivert, ikkje supplert etter kvart. Ein har såleis mista mykje av kjennskapen til gjenstanden og folka som har brukt han (proveniens og kontekst). Nå kan folk sende inn kommentarar direkte til dei registreringane i Primus som er lagt ut på Digitalt Museum. Dette blir så fulgt opp av ein fast person i museumsstaben, som sender takk til den som har kommentert/retta opplysningane. Kommentarane blir så sendt vidare til avdelingsleiar/registrator som kvalitetssjekkar ny informasjon og fører det inn i Primusregistreringa.

**III Nasjonalt behov for å prøve ut nye metodar for verdivurdering (significance).**

Gudbrandsdalsmusea var i 2015 med på eit nasjonalt prosjekt i regi av Haugalandsmusea saman med Drammen museum, Dalane museum, Perspektivet museum, Riddu Duaottar Museat. Prosjektet var finansiert av Norsk Kulturråd. Her prøvde dei 6 musea ut ein metode for vurdering av samlingar (Significance) på kvar sine utvalde delsamlingar.



*Ferdaskrin.*

Med significance meiner ein ei verdivurdering; Kva er viktig i samlinga? Kva blir lagt til grunn for ei slik vurdering?
Sjølve prosessen for denne metoden for verdivurderinga er slik:
**1. Få eit oversyn** over alle objekta som skal vurderast.
**2. Gjennomføre ein revisjon,** dvs. ein gjennomgang av registreringar og dokumentasjon av alle objekta som skal vurderast.
**3. Skrive ein omtale** av dei utvalde objekta som eit empirisk grunnlag for ei vurdering av verdi. Omtalen skal handle om alle tilhøve som er med og gjev samlinga meining: samlingshistoria, proveniens, kontekst, tilstand og relevans for museet.
**4. Lage ei vurdering** i to etappar. Opplysningane som blir henta inn i omtalen, dannar grunnlaget for båe. Fyrst blir objekta vurderte i høve dei fire «*hovudkriteria*» for verdi i metoden:
**Historisk verdi**
**Kunstnarleg og estetisk verdi**
**Kunnskaps- og forskingsverdi**
**Sosial/religiøs verdi**

Så blir den avsluttande vurderinga ei finjustering av hovudkriteria for verdi med «**samanliknande kriterium**»:
**Proveniens** (Veit vi t.d. kven som eigde, brukte, produserte samlinga; er samlinga godt nok dokumentert?
**Sjeldan/representativ** (Er samlinga t.d typisk for ein historisk epoke, ei stilretning; er ho einestående eller finst det fleire liknande?)
**Tilstand og heilskap** (Er tilstanden t.d. god i høve til liknande samlingar; har samlinga deler som gjer ein tilfredsstillande heilskap?)
**Relevans for museet** (Kva tilhøve gjer samlinga relevant for museet? Gjev ho inntekter, er ho etterspurd som forskingsobjekt, kva for relevans har samlinga i høve houdmål for museet, innsamlingsplan, dokumentasjon, har ho formidlingspotensial?)
**Opplevingsverdi** (Er samlinga i stand til å gje publikum sanseopplevingar, vekkje bestemte minne…?)

**5. Konklusjonen** er det siste steget. Her skal ein vise **kvifor samlinga er viktig for museet**, ev. for samfunnet. Konklusjonen skal og setje museet i stand til å ta riktige avgjerder om tiltak som frammar betre forvalting, dokumentasjon, formidling og forsking – jf. planar, avtalar og formålsparagraf. Mål for arbeidet (Paulsen Vie 2015) er «*Metoden legger opp til en kvalitativ og beskrivende konklusjon der en argumenterer for*

*hvorfor en samling eller objekter har stor eller liten betydning. Grunnlaget for argumentasjonen ligger i beskrivelsen og vurderingen som er foretatt, og resultatet blir en konsis og gjennomarbeidet konklusjon som kan legges inn i samlingsdatabasen og presenteres for et bredere publikum.»*

Gudbrandsdalsmusea valte ut ei delsamling frå Lom Bygdamuseum knytta til transport med hest: stassledar, høvre, bogtre og ferdaskrin, alle frå samlinga etter Olav Aukrust i bygdamuseet. Prosjektmedarbeidarane frå dei 6 musea møttest gjennom prosjektet, samordna erfaringar og drøfta metoden. Resultatet er publisert som ei handbok i vurdering av samlingar (Paulsen Vie, 2015).

Konklusjonen på verdivurderinga av delsamlinga i Lom er omtala slik: *«Nesten alle gjenstandar er tilknytt bondemiljøet i Nord-Gudbrandsdalen, og representerer såleis ein materialkultur frå det sjølveigande bondesjiktet. Samstundes tilhøyrar nok kunstnarane eller produsentane av mange av desse gjenstandane ein handverkar- eller husmannsstand. Sett under eitt er samlinga eit lokalspesifikt vitnesbyrd om den klassiske folkekunsten si stordomstid frå 1740-1840 innan treskurd og til dels rosemåling. Meir overgripande er samlinga også eit vitnesbyrd om den handverksbaserte produksjonen, bygdehandverket og det sjølvgjorde, i det førindustrielle bondesamfunnet.» (Dalen 2015)* Denne konklusjonen, vil vi seinare sjå, er også dekkande for tilsvarande samlingar i Vågå også.

**IV Verdivurdering/Significance**

Gudbrandsdalsmusea hadde behov for å anvende denne metoden i større delsamlingar – og samanlikne. Museet fekk tilskott frå Norsk Kulturråd til eit meir omfattande prosjekt. Ein valde ut same gjenstandstyper som i førre prosjekt: stassledar, ferdaskrin, høvre og bogtre frå Lom bygdamuseum, Vågå bygdamuseum og Lesja bygdemuseum (Dahl, Hald 2018).

*Oversyn over utvalde delsamlingar ved musea:*

| | bogtre | høvre | slede | skrin | sum | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lesja | 5 | 8 | 0 | 5 | 18 | 12 |
| Lom | 32 | 37 | 5 | 20 | 94 | 64 |
| Vågå | 5 | 20 | 2 | 9 | 36 | 24 |
| Sum | 42 | 65 | 7 | 34 | 148 | 100 |

## Gjennomføring

Det var i utganspunktet den same prosjektgruppa for dette prosjektet som det førre prosjektet: Thea G Dalen, prosjektleiar, Søren Hald, samlingsansvarleg, og Oddleiv Ringlund, registrator. I tillegg vart andre registratorar og avdelingsleiarane med i arbeidet ved lokalsamlingane. Av ulike årsaker skifta prosjektleiar fleire gonger. I tillegg til staben, vart lokale kjentmenn og Kåre Hosar, konservator Lillehammer Museum, involverte. Med Torveig Dahl som prosjektleiar avslutta ein prosjektet våren 2018. Det har vore ei omfattande kjeldegransking i prosjektet, ein har gått inn i styreprotokollar, tidlegare notatar, registreringar og faglitteratur m.fl. for å skaffe fram mest mogeleg kjennskap til gjenstandane/samlingane.

## Samlingane i Vågå og dei to andre musea

Frå Vågå vart det valt ut 36 objekt, av desse var tidleg 7 registrerte i protokollar, 22 på NKKM –registreringskort, 7 var ikkje tidlegare registrerte. 33 av dei var utan geografisk tilhøyrigheit, 36 utan aksesjonsår eller givar, 6 hadde ikkje namngjeven givar. Dette viser kor alvorleg situasjonen er for desse tidlege registreringane. Dette er ikkje noko særskilt for desse gjenstandane, men er meir generelt dekkande for samlingane ved avdelingane.

*Gjenstandar utan geografisk tilknyting (gard, grend) og med antatt kjent produsent:*

| | totalt | utan geografisk tilknyting | i % | antatt kjent produsent | i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lesja | 18 | 0 | 0 | 4 | 22 |
| Lom | 94 | 9 | 10 | 29 | 30 |
| Vågå | 36 | 33 | 92 | 5 | 14 |
| sum | 148 | 42 | snitt 34 % | 38 | snitt 22 % |

Dette utvalet er i all hovudsak er folkekunstgjenstandar der 80 objekt (av 148, dvs. 54 %) var med akantusdekor, 13 objekt (36 %) var med flatskurd, og 12 objekt (8 %) med rosemaling. Dette fortel oss at ein ved innføring i protokoll og seinare registreringar ikkje har sett på dette med gards-, grende- persontilknyting –, bruk eller kven som har laga gjenstanden som særleg relevant.

Etter at dette prosjektet er gjennomført med nye registreringar saman med kjeldegranskingar, har 75 % av utvalet kjent geografisk tilknyting. 58 % er særleg godt dokumentert, her er samlinga i Lom etter Olav Aukrust i særstilling. 78 % av utvalet har nå opplysningar om siste eigar/brukar/gjevar (proveniens). Produksjonsstad er sikker for 75 %. Datering (periodisering) er truleg sikker for 97 % av samlinga.

Noko som er veldig positivt med undersøkinga av dette utvalet er at gjenstandane i all hovudsak er vurderte til å vera i god stand. Av 148 gjenstandar er 21 (14 %) vurderte som at dei har behov for bevaringstiltak. Av desse har Lom 12 (57 %), Lesja 4 (20 %) og Vågå 5 (23 %). Dette fortel at musea har hatt oppbevaringstilhøve som har fungert godt for denne type gjenstandar (tre, smijern, lær). Erfaringar frå samlingane tilseier at dei fleste av desse objekta har kome inn i tidleg fase, dvs. før bygdatuna fekk museumsfagleg kompetanse. Dette har vore gjenstandstyper som historielaga har hatt godt kjennskap til og høveleg oppbevaring.

Korleis er så samlingane ved dei tre museumsavdelingane /Gudbrandsdalsmusea samanlikna med andre museum og nasjonalt? Her har vi sviktande grunnlag for samanlikning, men basert på det som er lagt ut på Digitalt Museum (pr. mai 2018) har vi laga eit oversyn.

*Oversyn over nasjonal og regional fordeling av desse gjenstandstypene:*

| | bogtre | høvre | slede | skrin | sum | i % av samla |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gudbrands-dalsmusea | 42 | 65 | 7 | 34 | 148 | 3 |
| Norsk Folke-museum | 1 210 | 1 504 | 96 | 181 | 2 991 | 66 |
| Lillehammer Museum | 6 | 6 | 2 | 6 | 20 | 0,4 |
| Norske museum samla | 1 769 | 2 261 | 135 | 386 | 4 551 | rest 30,6 |

*NB dette er basert på det som er lagt ut på Digitalt Museum mai 2018, og er ikkje i samsvar med det totale antal. Men viser likevel litt om Gudbrandsdalsmusea sine gjenstandar i nasjonal samanhang.*

Det er grunn til å merke seg at av skrin har vi 9 % av samla mengde på Digitalt Museum. Hadde ein her konsekvent brukt begrepet ferdaskrin, ville ein truleg fått ein større andel i Gudbrandsdalen, da skrin er ei samlenemning. Ferdaskrin er for Gudbrandsdalen ei kjent nemning på ei spesiell type skrin tilpassa sledetransport. Dette er eit døme på kor viktig det er å bruke lokal nemning som presisering, i tillegg til samlenemningar. I magasinutstillinga i Vågå er det også stilt ut nokre mindre reiseskrin, som ikkje har vorte rekna med i utvalet for denne verdivurderinga. Ein kan anta at dette også gjeld andre museumssamlingar.

**Samandrag**
Significanceanalysa museet har gjennomført viser kvar utvalet av gjenstandar i prosjektet har sine sterke og svake sider, og har verdi:
- som historiske dokument
- som kunst/estetiske objekt
- som kunnskapsformidlar
- som element med særleg sosial eller åndeleg verdi for ei bestemt gruppe.

Slik viser analysa også dei årsaker museet kan ha for å ta vare på eller ikkje ta vare på dei vurderte gjenstandane.

Analysa sine funn har gjort det klart at utvalet si sterke side er den historiske verdien. Utvalet viser dei rådande lokale skurdtradisjonane, utviklingsfasene i sein klassisk folkekunstperiode og skifte av stilartar på 17- og 1800-talet.Utvalet fortel oss også om den vaknande interessa for innsamling av gjenstandar frå det førindustrielle bondesamfunnet på slutten av 1800-talet og fyrst på 1900-talet. Over halvdelen av utvalet sine objekt er samla inn i denne perioden. Det vart i tillegg vist at utvalet nå etter nyare gjennomgang i prosjektet der ein fann fram til ny kunnskap om objekta, har høg proveniens som styrkar den historiske verdien. Ein stor del av objekta er knytta til dei dominerande lokale skurdtradisjonane på 17- og 1800-talet (akantus og flatskurd). Mange objekt er rikt dekorert, medan andre har berre mindre dekorelement.

Significanceanalysa har fyrst og fremst omtala dei sterke og svake sidene og verdien av utvalet som heilskap. Olav Aukrust-samlinga i Lom er i særstilling, og verdien ligg på fleire plan. Dette vart samla inn fyrst på 1900-talet og vitnar om den vaknande interessa etter 1905 hadde for tida for innsamling av gjenstandar frå det før-industrielle bondesamfunnet.

Samlinga har også ein heilt annan status enn dei andre samlingane til museet. Ho utgjer sjølve etableringsgrunnlaget for Lom bygdamuseum og er den største og mest varierte samlinga av folkekunstobjekt museet eig.

Det er også her interessant å sjå at informasjon om samlinga til Olav Aukrust og kva han sto for i kulturhistoria ikkje var med i registreringane før prosjektet. Det var alstå ikkje vurdert som relevant for registreringa, kan hende det vart vurdert som at dette var noko alle måtte kjenne til frå før? Objekta som har ein kjend, lokal produsent, er ein eige kategori, både ved tilknytinga til kjende lokale produsentar og ved skurden sine kunstnarlege og estetiske kvalitetar.

Lokaltilknytinga til handverkarane gjer i tillegg objekta verdifulle i ein lokal samanheng som representantar for ein høgt utvikla lokal handverksproduksjon og materiell kultur som pregar den lokale kulturarven også i dag. Analysa viste at utvalet har sin største verdi som historisk dokument og i noko mindre grad på grunn av kunstnarlege og estetiske kvalitetar. Men den historiske verdien som dei ligg på er mellom middels til høg, åleine nok til å gje utvalet status som ei verdifull, prioritert delsamling. Det tyder på at det er ei samling som bør få best mogleg førebyggjande oppbevaringstilhøve og at tiltak for skadde objekt blir fylgt opp og vurdert av fagfolk.

**V Nyttige erfaringar for vidare arbeid**

For å få til eit truverdig resultat er det ein føresetnad at alle steg i significanceanalysa systematisk blir teken i bruk i ei tverrfagleg gruppe. Alle steg må bli gjennomgått for å få handsama alle viktige fakta om objektet eller samlinga. Vidare må ein gjennom alle steg for å vurdere objekta eller verdien av samlinga. Eit slikt arbeid krev sjølvsagt tid. Men ein får eit truverdig grunnlag for å kunne avgjera den vidare skjebnen til samlinga. Det systematiske og grundige arbeidet har i tillegg ein del verdifulle «spinn-off-effektar» . Resultatet for Vågå er at samlingane får eit fokus, det blir betre registreringar, gjennomgang av oppbevaringstilhøve og ev. andre tiltak. I tillegg får ein auka kompetanse i staben, og auka interesse for konteksten av samlingane samt forståing av kvifor ein sit med dei samlingane ein har – og kva som ikkje er lagt vekt på.

For samlingane i Vågå har dette prosjektet heilt konkret ført til omfattande formidling med den største utstillinga av akantus i Ottadalen

i Jutulheimen og Presthaugen sommaren 2019 og magasinutstillinga i Ullinsvin sommaren/hausten 2019.

For å kunne få ein best mogleg omtale av utvalet når det gjeld kjelder, historikk, kontekst m.m. har det blitt gravd djupt i alle tilgjengelege protokollar, korrespondanse og databasar. Dette arbeidet har ført til auka kunnskap om objekta. Under dokumentasjonsarbeidet vart det oppdaga manglar, særleg i registreringsopplysningane. Som resultat vart det gjort ei grundig revidering av alle opplysningar i Primus-databasen. Dessutan vart det utarbeidd ei enkel sjekkliste for kontroll av manglande registreringsopplysningar i Primus. Ei slik sjekkliste vil også kome til nytte i det daglege registreringsarbeidet ved museet.

Omfattande manglar i omtale av tilstanden til objekta viste eit stort udekt behov for systematisk opp-bygd omtale av tilstand/skade. Til formålet vart det utarbeidd ein skjemamal for tilstand tilpassa kulturhistoriske gjenstandar. Denne vil også kunne vera til nytte i det daglege registreringsarbeidet ved museet. I samband med oppgradering av tilstandsomtalen vart fotodokumentasjonen i Primus oppdatert med ei stor mengd detaljfoto, av m.a. skader. I framtida vil det gjera det enklare å sjekke og samanlikne tilstanden før og nå.




*Reisekiste med initialane CPSB og årstal 1718. Kanskje er det Christen Paalsen Bjørnstad 1657-1719, han som Ivar Kleiven skreiv ein del om og som bl.a. reiste til København. Red.*

Den intensive bruken av Primus i samband med significanceanalysa har også ført til at manglar og svake sider ved sjølve utforminga av Primus har blitt avdekt. På grunn av lydhøre konsulentar på Kultur-it vart det gjort mange forbetringar i sjølve programmet. T.d. er definisjonane som er sett opp i Primus for breie, prosjektet måtte innføre tilleggsdefinisjonar. Det skal og nemnast ein siste spinn-off-effekt. Under arbeidet vart significancemetoden testa i samband med eit tilbod om nye gjenstandar til museet medan vi jobba med prosjektet. Ein fekk tilbod om ei større tekstilsamling der dette vart anvendt, arbeidkrevjande, men nyttig metode. For å gjera ei verdivurdering brukande i ein slik situasjon vart det laga ein skjemamal som berre omfatta dei fire hovudkriteria og dei fem samanliknande kriteria. Kvart kriterium fekk tildelt tre verdinivå med høve til å krysse av for Høg (H), Middels (M) og Låg (L). På den måten vart det enkelt å få eit nokså godt fyrste oversyn over verdien av dei gjenstandane som vi kunne få. For skjema med «befaringsrapport», sjå «Vurdering av gjenstandar etter befaring».

Erfaringane våre med bruk av metoden kan oppsummerast slik:

*A. Gjev kompetanseheving*

- Trener den tilsette i å ta avgjerder og vurdere samlingar på eit nyansert og faktabasert grunnlag – saman med andre kollegar
- Aukar dei tilsette sine kunnskapar om objekta og gjer dei meir medvitne om kor avgjerande datagrunnlaget er for samlinga sin verdi
- Gjev høve til å utvikle dei daglege rutinane for registrering og samlingsrelevant innhenting av informasjon, også etter at gjenstanden har kome inn og er registrert. Ein kan og utarbeide skjemamalar til hjelp i det daglege arbeidet med gjenstandar

*B. Fører til betring av samlingane sitt datagrunnlag*

- Ei analyse vil avdekkje manglar i datagrunnlaget (protokollar, primus m.m.) av verdi for vurdering av objekt/samlingars verdi for museet – som kan kompletterast

*C. Vil vera med å gjera nyanserte, faglege, faktabaserte grunngjevingar til den nye standarden for vurdering av objekt og samlingar*

Metoden er ressurskrevande, både i tid for registrator og for fleire personar i stab og særskilt annan kompetanse. Men gevinsten er stor. Det er difor å anbefale at ein endrar rutiner for betre dokumentasjon ved inntak, og betre gransking ved registrering. Vi kjem til å utarbeide ein *light*-versjon for våre registratorar, og bruke overnemnde metode ved

tibod om gjenstandar/samlingar. For ettertida er dette veldig viktig at blir fulgt opp i det daglege med nye gjenstandar, men og at det blir gjennomført for samlinga i Vågå totalt.



*Magsinutstillinga vart flytta til fjøset i Ullinsvin i samband med galleri-opninga 19. september 2019. Grunna mindre veggplass, vart det valt ut maleri av Kristn Holbø i for å markere 125 år sidan Vågå-sommaren 1894. I tillegg eit par maleri av Olav Hanslien. Foto: Torveig Dahl*

**Tilrådingar**

Det er Vågå historielag som eig samlingane i Vågå. I og med at størsteparten av samlingane er frå førindustrielt bondesamfunn, er det dei med deira medlem som sit med høg kompetanse og kjennskap til gjenstandane i seg sjølv (*das Ding an Sich*) og korleis gjenstanden er laga, kvar han sosialt/økonomisk høyrde til, kven og korleis han er brukt og eventuelt reparert (*die Erscheidung*). Dei kan og ha kjennskap til når slike gjenstandar vart tekne i bruk – og kor lenge dei var i vanleg bruk. Dette er ofte immateriell kunnskap som ikkje står i fagbøker.
Det er difor viktig at gjenstandar blir enda betre beskrivi, og plassert i ein utvida samanhang for ettertida i samarbeid med gode lokale informantar.

Det er også eit tankekors at det er få gjenstandar frå nyare tid. Her bør museet saman med historielaget ha ein gjennomgang og drøfte korleis ein ynskjer å komplettere samlingane – med gjenstandar og dokumentasjon. Det kan og vera lurt å prioritere kva slags samlingar/tema ein ynskjer å bygge opp for Vågå. Dette bør inn i ein innsamlings-, samlings- og dokumentasjonsplan for Gudbrandsdalsmusea samla. Det er tre bygdamuseum i museet, kan hende ein bør definere tydelegare kva for samlingar/ dokumentasjon/ tema ein skal ha kvar. Samstundes må ein vera ope for at det er tildels store lokale variasjonar innan same gjenstandsgruppe, og særskilte aktuelle tema for kvar bygd.

Erfaringane med magasinutstillinga er gode. Her kunne ein syne fram del/temasamlingar og få tak i god lokal informasjon om gjenstandane. Samstundes fekk ein auka interessa for samlingane blant publikum.
Ein fekk også ein gjennomgang av tilstanden til gjenstandane – og sjekka opp mangelfulle eller gode registreringar av kvar gjenstand. Det var også ein god ide med eit temaforedrag om utstillinga, noko ein kan utvide med å gå meir inn i tema/delsamlingane.

*Litteratur*

Aasheim, Dag: *Museumstanken*. Jutulen 2014
Dahl, Torveig, Hald, Søren: *Vurdering av tre delsamlingar, implementering av Significance i samlingsarbeid.* Gudbrandsdalsmusea G.M. 2018
Dalen, Thea G: *Sigificance 2.0. Vurdering av delsamling*. G.M. 2015
Hanem, Bård: *Frå bygdamuseum til regionmuseum.* Jutulen 2020
Paulsen Vie, Grethe: *Vurdering av samlingar*. Haugalandsmusea/ Kulturrådet. 2015
Raastad, Knut: *Jutulheimen.* Jutulen 2008

*Digitale kjelder:* Digitalt Museum, Lokalhistoriewiki, Wikipedia
*Upubliserte kjelder:* Styreprotokollar, tidlege registeringsprotokollar, NKKM-kort, årsmøteprotokollar, notatar.

# Klokke og skap av Per Veggum

Av Knut Raastad

Vågå historielag har i testamentarisk gåve frå Mari Snerle fått skap og stuguklokke som truleg er etter Per Veggum. Per (Peder) Veggum 1768-1834 voks opp på Austrem i Sjårdalen, 29 år gammal kjøpte han i 1797 søre Veggum og flytte dit. Han var snekker og treskjærar og laga skap og klokkekasser, men er mest kjend som dekorasjonsmålar. Det er ikkje kjend at Per Veggum laga urverk, men på dette urverket står det faktisk "Peder Østrem" som var namnet han brukte før han flytte til Veggum.

Kyndige personar som Kari Aasgaard og Christian Sulheim har uavhengig av einannan vurdert det som svært sannsynleg at skapet og klokkekassa er av Per Veggum, dei har bl.a. sett på samanføyingar, skuffer, koll, dørspilar, heilheitsinntrykk og kva profilhøvlar som er brukte.

*Foto: Knut Raastad*





# Magasin- og utstillingsbygg i Ullinsvin

Av Knut Raastad

Vågå historielag har sidan 1984 vore eigar av Ullinsvin. Beste forvaltninga av bygningane er å bruke dei, «vern gjennom bruk» som det heiter i slagordet til Norsk kulturarv. Husflidslaget har stor aktivitet i hovudbygningen, medan hagelaget under Vågå historielag har restaurert og held i stand hagen. I tilknytning til tunet har Waageske Compagnie sitt eige lagshus (telthus). Det er såleis fleire ulike organisasjonar og miljø som brukar Ullinsvin.

Historielaget eig også bygdamuseet Jutulheimen og har ei stor gjenstandssamling. Det er såleis stort behov for gjenstandsmagasin. Det er Gudbrandsdalsmusea AS som har driftsansvaret for Jutulheimen, og dei har også folkemusikkarkivet og Opplandsarkivet avd. Vågå. Da det i 2013 vart kjend at dagsenteret skulle flytja ut av dei kommunale næringslokala i underetasjen til fjøset og låven, vart det sett på om desse lokala kunne brukast. For å ha nok plass til kontor og arbeidsrom fekk historielaget utarbeidd ei enkel skisse for tilbygg av magasin på same plan.

Våren 2014 fekk historielaget med seg spel- og dansarlaget og Gudbrandsdal folkemusikklag med eit innspel til kommunen om å nytte fløyen under låven til Opplandsarkivet, folkemusikkarkiv, kontor og arbeidsrom for bygdamuseet. Det ville vera ein stor fordel at magasin vart liggjande inntil kontor og arbeidsrom. Fløyen under fjøset kunne leigast ut til andre aktørar innan kulturhistorie. Bruk av låven og fjøset til utstillingsrom vart også nemnd, det vart bl.a. vist til planar for eit «Galleri Krogvold» i Vågå. Og folkemusikkarkivet kunne vera eit utgangspunkt for utvikling i retning det som spel- og dansarlaget har arbeidd med under namnet «Folkemusikkens hus».

Kommunen har seinare bygd om næringslokala som nå er brukt av Gudbrandsdalsmusea AS og Norsk Kulturarv, dette er heilt i samsvar med innspela frå historielaget. Å ha folk i kontorlokala året rundt er viktig, og Gudbrandsdalsmusea er også involvert i drift av galleriet.

Hausten 2014 ønskte Vågå kommune å ta opp att arbeidet med etablering av «Galleri Krogvold» og det vart utnemnd ei prosjektgruppe der historielaget hadde to representantar. Prosjektarbeidet vart avslutta 2. mai 2015. Innhald og drift av galleri vart drøfta, gruppa kom etter kvart til at utstillingsverksemda måtte omfatte meir enn Krogvold og det var historielaget som formulerte namnet «Galleri Ullinsvin». Arkitekt utarbeidde planar for ombyggjing og tilbygg til låven, men etter historielagets synspunkt var ikkje dette tilpassa dei gamle bygningane i Ullinsvin. Investeringskostnadane var høge, og det viste seg seinare at finansiering av så store summar var urealistisk. Våren 2017 fekk kommunen etter oppfordring frå fylkeskommunen utarbeidd ein masterplan for Ullinsvin, Vågå historielag hadde ein representant i prosjektgruppa. Masterplanen konkluderte med ei trinnvis utbyggjing.

Historielaget fekk hausten 2014 gåve til finansiering av magasinbygget frå sveitsisk norgesvenn som også i 2011-2012 hadde støtta Ullinsvin med gåve til restaurering. Framdrifta med magasinbygget stoppa opp etter at dette skulle samordnast med galleri. Sommaren 2017 var den sveitsiske norgesvennen pådrivar for å koma vidare, og ho støtta finansieringa med ny gåve. For å ikkje motarbeide dei kommunale planane for byggjing av galleri i forlenging av låven, ville plassering av magasin ved sida av vera ei grei løysing. 27. september 2017 var representantar frå Gudbrandsdalsmusea AS og Vågå historielag på befaring på Valdres folkemuseum, og i bilen den dagen vart plassering og løysing drøfta. Ved attendekomst var historielagsrepresentantar ein tur i Ullinsvin, og da såg vi korleis magasinet skulle plasserast for å gje plass for eit neste byggjetrinn med utstillingsbygg ovanpå med inngang og toalett under låvebrua. Planar for magasinbygget vart utarbeidde og gravearbeidet starta i januar 2018.

Historielaget lanserte etterkvart planane om utstillingsbygg og toalettbygg, og senda 2. desember 2017 søknad om finansiering til fylkeskommunen. Det viste seg at det ikkje var så enkelt å få finansiering, men etter kvart har fylkeskommunen gjeve støtte frå ordninga til kulturbygg og Sparebank 1 Lom og Skjåk har gjeve stor gåve. Regionrådet og Stiftelsen UNI har gjeve tilskot til magasin. Utstillingsbygget var likevel langt frå fullfinansiert. Sommaren 2018 besøkte historielagsmedlemmar vår sveitsiske norgesvenn i Sveits, da støtta ho byggjinga med ny, stor gåve. Ellers har gåver frå private og andre ikkje offentlege institusjonar



*Mange av handverkarane som sette opp bygget er av dei fremste folke-musikarane. På kranselaget 26.august 2019 hadde dei konsert, Monica Chappuis var svært begeistra over musikken. Foto: Kjell Løkken*

ført til gåveforsterking frå kulturdepartementet. Stor takk til alle som har gjordt dette mogleg, og ein spesiell takk til vår sveitsiske norgesvenn!

Byggjinga av utstillingsbygget starta i januar 2019 og kunne takast i bruk 1. juni. Likevel var det mykje attverande arbeid som vart utført fram til offisiell opning 19. september 2019. Innreiing og tekniske anlegg i kjellaren kom på plass utover hausten.

Rudi og Skogum bygg AS var hovudentreprenør for betongbygget, medan Tessand byggservice AS var hovudentreprenør for utstillings- og toalettbygget. John K Lien AS og Skogen Entreprenør AS har stått for gravearbeidet, medan Ottadalen elektro AS har stått for elektriske

installasjonar. Andre som har gjordt omfattande arbeid er Stokk og Stein AS, K.L. Rør AS, Jeva Håndverk AS, Tom Elektro og Anlegg AS, Stokstad bygg AS og Certego AS. Nordplan AS har stått for alt av prosjektering og byggjeleiing. Byggjekomite har vore styremedlemmar i historielaget Steinar Løkken, Dag Aasheim og Knut Raastad, Løkken har vore byggjeleiar.

Aksjeselskapet Ullinsvin AS stod for byggjinga og er eigar av bygget. Det er historielaget som eig Ullinsvin AS som også har same styre som historielaget. Det er etablert eit eige  selskap Ullinsvin drift AS som skal stå for drift av galleriet. Det er Vågå kommune som er hovudaksjonær i dette selskapet, husflidslaget og historielaget har små eigarandelar.



*Det var Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette Marit som stod for den offisielle opninga av Galleri Ullinsvin den 19. september 2019, her saman med ordføraren og fylkesmannen. Foto: Knut Raastad*





*Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette Marit i Ullinsvin.*

# H.K.H. Kronprinsessens tale ved opninga av Galleri Ullinsvin

Fylkesmann, Ordfører, Kjære alle sammen...

Her i Vågå tenker jeg: Dette er noe av det fineste av det norske. Og det som inspirerer til stor kunst. Her har mange hobbyfotografer gjennom 30 år fått utviklet blikket sitt og skaperevnen sin. Her finner store kunstnere som Kjell Erik Killi-Olsen ro og rom til å skape. Og her lever det gamle og det nye side om side – i en vakker blanding av bevaring og fornying. Av arv, tradisjon og et friskt blikk på hvem vi er – og hvordan vi skal fortelle om det. Det er ingen tilfeldighet at det var akkurat her på Ullinsvin at Dronningen fikk overrakt Norsk Kulturarvsærespris i 2015 – for sin livslange innsats for norsk kultur.

Om bare en måned er Norge gjesteland på verdens største bokmesse i Frankfurt. Jeg er så heldig å få være ambassadør for norsk litteratur i utlandet, og arbeider mye fram mot dette nå. Bokmessen i Frankfurt er ikke bare en stor mulighet for norsk litteratur internasjonalt, men det er et unikt utstillingsvindu av norsk kultur, av Norge som kulturnasjon. Det norske mottoet for messen er "Det er den draumen" - etter Olav H. Hauges dikt, som for noen år siden ble kåret til Norges vakreste.

Her i Vågå kjenner jeg virkelig på hva "den draumen" kan være:
Det er å kunne skape, leve i og formidle kunst og kultur på en sånn måte at det berører oss. Så det får betydning i relasjonene våre, i måten vi skaper samfunnet på, gjennom de viktige valgene vi tar. Der vi lever så helt som mulig – i samspill med naturen, og med bevissthet om hvor vi kommer fra, hva vi har med oss – gjennom fortellinger, gjennom arv og tradisjoner. Sånn tror jeg vi blir litt hele mennesker. Sånn tror jeg vi blir litt helere som nasjon. Som kulturnasjon. Alt dette vil det nye galleriet kunne bidra med å gi, å formidle.

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –



*Frå opninga 19. september 2019. Foto: Knut Raastad*

at tidi skal opna seg,
at hjarta skal opna seg,
at dører skal opna seg,
at berget skal opna seg,
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Dette har vært en drøm for mange. Gratulerer med dagen.
Med dette erklærer jeg Galleri Ullinsvin for åpnet.

# Vågå historielag i 90 år og kulturpris

Av Knut Raastad

Vågå historielag vart stifta 23. februar 1929.

1930-åra – historielaget fekk ein god del gåver frå privatpersonar, og kjøpte også interessante antikvitetar. Overtok dokumentsamling og ein del gjenstandar etter Ivar Kleiven. Arbeidde med å få reist minnesteinen over Ivar Kleiven.

1940-åra – meir innsamling av gjenstadar og gamle dokument, lagra på nigard Sandbu, Klones og i kvelvet til skrivarkontoret på Øy. Strid om relieffet på minnesteinen etter Ivar Kleiven, avdukinga utsett til Ivar Kleivens 100-årsdag i 1954.

1950-åra – heilt frå starten vart det arbeidd med å få bygning til oppbevaring av samlingane. Bygdamuseet i Jutulheimen vart bygd på 1950-talet og opna i 1957.

1960-åra – Øyastugu ferdig i 1961 og vaktmester tilsett. Frå da vart Jutulheimen mykje brukt til bryllaup, konfirmasjonar o.l.. Stemner og festar ved utescena. Den årlege historielagsfesten var gjæv, og historielaget fekk mange medlemmar som støtta opp om Jutulheimen.

1970-åra – Stallen vart oppsett og istandsett med toalett. Jutulheimen fekk status som halvoffentleg museum med fast løyving frå 1974. Historielaget fekk Jo-Gjendebua og overtok Pulløybua og kvilingsfjøset i Randsverk.

1980-åra – historielaget overtok prestgarden og utførte eit stort restaureringsarbeid

Utstillingsrom på stallstrevet i Jutulheimen vart teke i bruk i 1984. Historielaget overtok Flåten og starta med restaurering, dette stoppa og det vart stort forfall. Opplandsarkivet avdeling Vågå vart oppretta i 1983 med grunnlag i dokumenta som historielaget hadde samla.

1990-åra – bygdastrid om prestgarden, men møteprotokollen er prega av drifta av bygningsanlegga prestgarden og Jutulheimen. Låven og fjøset oppsett i 1990. Prestgarden hadde eit eige driftstyre som hadde ansvar for bruken av hovudbygningen til handverk og kontor. Samnemnda for musea i Nord-Gudbrandsdalen vart oppretta i 1989: stillinga som distriktskonservator vart oppretta i 1988 og handverkar året etter, desse var felles for dei tre bygdamusea. Det var fortsett historielaget som dreiv museum.

2000-talet – frå 2003 vart Museet i Nord-Gudbrandsdal MING oppretta som driftsorganisasjon for musea og skulle ha ansvar for museumsdrift i Jutulheimen, det vart ikkje lenger utbetalt tilskot til historielaget som likevel sat att med driftskostnadene for anlegget. MING utøvde svært liten aktivitet i Jutulheimen. Nordheradsprosjektet overtok ansvaret for Flåten i 2005.

2010 og framover – Gudbrandsdalsmusea AS vart stifta i 2008, ansvar for både museumsdrift og utleige i Jutulheimen. Utviklingsarbeid i prestgarden: Gudbrandsdasmusea har fått base i Ullinsvin både med kontor og arkiv. Byggjing av magasin og utstillingslokale. Ei eige hagegruppe i historielaget har restaurert og driftar prestgardshagen. Husflidslaget brukar hovudbygningen og har stor aktivitet i Ullinsvin. Historielaget overtok Klonesbuene ved Gjende i 2013. Rekonstruert torvstrøhus ved Sandranden og laga kulturstig ved Melingsosen.

Som eigar av museum er Vågå historielag like mykje eit museumslag som eit tradisjonelt historielag. Det meste av aktiviteten er knytt til bygningane og anlegga som historielaget eig. Elles er innsamling og formidling viktige oppgåver. Det har i seinare tid vore innsamla og vist fram gamle fotografi. Kveldsseto i Jutulheimen eller andre plassar om historiske tema har stor oppslutning. Historielaget har gjennom åra vore involvert i utgjeving av hefter og bøker, fyrst med «Vågåkyrkja og Vågåkyrkjegarden» i 1933. Årsskriftet Jutulen gjev høve til å formidle lokalhistorie til medlemmar og andre.

**Kulturprisen for Vågå kommune 2018 vart tildelt Vågå Historielag.**

I grunngjevinga for prisen stod det at grunnlag for tildelinga blant anna var:
- Vågå historielag har 90-årsjubileum i 2019
- Er ansvarleg for drift og vedlikehald av 36 hus, blant desse er Bygdamuseet Jutulheimen, Vågå Prestgard Ullinsvin, Jo Gjende bua, Pulløybue og Kvilingsfjoset i Randsverk
- Driv restaurering av gamle hus
- Gjev ut bladet Jutuln ein gong i året
- Stort fotoprosjekt med innsamling og skanning av gamle bilete
- «Kveldseto» ein gong i månaden gjennom heile året
- Bygd utstillingslokal og arkivlokal i 2019

Kulturprisen vart utdelt i samband med konsert med bl.a. kulturstipend-vinnar Martin Steinom Brun i Galleri Ullinsvin 20. desember 2019.

Styreleiar i historielaget takka slik:
På vegne av 425 medlemmar seier eg takk!
Utanom styret som tek i mot prisen er det mange som gjer ein stor innsats:
- held foredrag ved kveldsseto
- skriv i Jutulen
- skannar gamle bilder, samlar historie
- styrer heimesida
- fleire tillitsvalde
- eige hagelag som held i stand Prestgardshågein
- anna dugnadsarbeid, f.eks. plenslått og vedlikehald
- og alle dei som er med i historielagsmiljøet og held oppe tradisjonar og kunnskap om historia, og gjev gode innspel

Prisen går til alle desse, men vi må også koma i hug dei før oss som la grunnlaget for det vi driv med i dag. Historielaget er 90 år i år, vart stifta i 1929. På 1930- og 40-talet var det mykje innsamling av gjenstandar og historie, og historielaget fekk ein god del, f.eks. det meste av maleri-samlinga av Kristen Holbø. På 1950-talet vart Jutulheimen bygd, og bygdamuseet vart det viktigaste for historielaget framover. Slik er det nå også, nå saman med prestgarden som historielaget overtok på 1980-talet. Historielaget har også overteke andre eigedommar: Jo Gjendebua, Klonesbuene, kvilingsfjøs i Randsverk og Pulløybua. Det meste av det

vi driv med i historielaget er knytt til å forvalte eigedommane, og å få til aktivitetar der. Takk til alle samarbeidspartar og støttespelarar: Gudbrandsdalsmusea, kommunen med Ullinsvin.drift, husflidslaget og andre. Ein spesiell takk til Monica i Sveits som saman med offentlege tilskot og støtte frå Lom og Skjåk Sparebank og Stiftelsen UNI har gjordt det mogleg å få opp dette bygget vi er i nå. Vi ser framover, det aktuelle nå er å knyte betre saman Prestgarden og Jutulheimen samt å få etablert eit folkemusikkens hus for å ha fleire føter å stå på i Ullinsvin.

Det er heile historielaget som har fått prisen, derfor vil eg be alle historielagsmedlemmar om å reise seg. Frå oss alle: tusen takk for kulturprisen!




*Styret i historielaget som tok i mot kulturprisen. Foto: Arve Danielsen*

# Vågå historielag: Årsmelding 2019

**Arrangement**
Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen, mange av arrangementa har vore i samarbeid med andre. Ola Grøsland prata om Kristian Mo. Ivar Teigum sette den eigentlege Johannes Blessom inn i historia på 1600-talet. Ellers har det vore ljosbildekåseri om alle husa som historielaget eig, samt jubileumsmarkering med gjennomgang av historia i 90 år. I samband med sommarens store treskjærarutstilling i Jutulheimen prata Hans Jacob Dahl om skulptøren Magnus Berg. Seinare prata Kari Aasgaard og Eirik Haugen om treskjæring ut frå erfaringane frå utstillinga. Kristin Akslen Hagen trekte fram godbitar frå arkivet, med bl.a. bilder, musikk og filmopptak. Vågå historielag var vertsskap for årsmøte og feiring av at Gudbrandsdal historielag Dølaringen var 100 år. På hausten vart årbok for Gudbrandsdalen lansert og Ivar Teigum tok for seg det lokalhistoriske arbeidet i Gudbrandsdalen i 100 år.

Historielaget har hatt fleire arrangement utanom Jutulheimen også. Bårstad og gruvegangane var tema på kveldsseto på Lalm samfunnshus, seinare var det vandring på Bårstad med kjentmann Jakob Kleiven. Vågåsommaren 125 år og Kristen Holbø 150 år vart markert på Gålen ved nedre Sjådalen der Anne og Inger Holbø fortalde. Gjennom sommaren og hausten var det utstilling i Ullinsvin der samlinga av Kristen Holbø-måleri var sentral. I samband med utstilling i Ullinsvin hadde Torveig Dahl foredrag om stas-sleder, ferdaskrin og reisekister. Historielaget arrangerte kranselag for handverkarane som sette opp magasin- og utstillingsbygg i Ullinsvin. Stein Havn Karlsen tok imot historielaget i Olufhuset på Havn og i milorghytta Reiret.

**Jutulheimen**
Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Oppføring av scenehuset er fullført med beitskier og laftsteinar.



**Prestgarden**
Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der. Historielaget har fått utarbeidd farge- og bygningshistoriske undersøkjingar med plan for vedlikehald av hovudbygningen. Det har i året vore vedlikehald av paktarbustaden, huset har vore brukt til kafe. Låven og fjøset har vore opprusta og har vore brukt ved utstillingar. Kommunen har prosjektleiar for å få til aktivitet i prestgarden, historielaget har delteke i utviklingsarbeidet. Kommunen har stifta eit nytt aksjeselskap Ullinsvin drift AS som skal få til utstillingar m.m., historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Det er Ullinsvin drift AS som har stått for drift av galleri og kafe.

**Prestgardshågein**
Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Det har vore omvisning av mange grupper denne sommaren. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Livø Hosar har leiinga av hagegruppa.
I juni var det avduking av Ole Bull-statuett i hagen i Ullinsvin.

**Ullinsvin AS**
Det heileigde selskapet Ullinsvin AS står for utbyggjing og eigarskap av nybygg i prestgarden. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv. Oppe på dette vart det bygd utstillingsrom og toalett. Galleri Ullinsvin vart opna av Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette Marit. Stor gåve

frå sveitsisk norgesvenn gjorde byggjinga mogleg, det er også tilskot frå Sparebank 1 Lom og Skjåk, fylkeskommunen, regionrådet, Stiftelsen UNI og gåveforsterkings-middel frå kulturdepartementet. Gudbrandsdalsmusea AS skal stå for drift av magasinet. Ullinsvin AS har same styre som historielaget.

**Laget elles**

Frå årsmøtet 13. mars 2019 har styre vore dette:
styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Even Lusæter og Steinar Løkken, varamedlemmar Elin Grev, Ola Stokstad og Jens Hagen.

Det har i året vore 12 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 425 medlemmar.

Revisorar er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.
Valnemnd er Anne Silje Berg, Anne Grøsland og Jonny Brenden.
Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.
Jens Hagen er styremedlem i Ullinsvin drift AS.
Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen, Ola Grøsland er styremedlem og Knut Raastad er revisor.
Nils Valde styrer heimesida *vaagaa-historielag.org* og skannar og legg ut innsamla gamle bilete. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie. Arbeidet med seterhistorie held fram.
God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen har ved fleire høve vore framvist for turistar. Buene vil kunne lånast ut til historielagsmedlemmar. I desember vart kulturprisen for Vågå kommune utdelt til Vågå historielag. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2019.







*Presten Henning Munch måla i 1691 "Utdrivinga frå paradis" i koret i Vågåkyrkja. Sonen Eggert Munch kan ha måla fyllingane i Håkenstadstolen og portretta av oldenborgar-kongane som er i sakristiet (kjelde: Anders Skrede: Vågåkyrkja og Vågåkyrkje-garden). Viser ellers til artikkelen side 28: "Familien Munch i Gud-brandsdalen før år 1750".*